

IVAR SOGNNÆS EIMHJELLEN

Innvandrarar si deltaking i norsk frivilligliv

Nye tal og metodiske utfordringar

Ivar Sognnæs Eimhjellen

Innvandrarar si deltaking i norsk frivilligliv

Nye tal og metodiske utfordringar

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Bergen/Oslo 2016

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2016
Rapport 2016:3

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
Co/Institutt for samfunnsforskning
Munthes gate 31
Postboks 3233 Elisenberg
0208 Oslo
www.sivilsamfunn.no

ISBN (Online): 978-82-7763-505-7

ISSN (Online): 1891-2176

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Uni Research Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning.

Innhald

Innhald	5
Liste over tabellar	7
Føreord	9
Innleiing	11
Datagrunnlag og metode	13
Innvandrarundersøkinga	14
Andre datakjelder	17
Demografiske kjenneteikn ved innvandrarbefolkninga i Noreg	19
Innvandrarbefolkninga	21
Er utvalet i Innvandrarundersøkinga representativt?	25
Utfordringar i spørjeundersøkingar av innvandrarar	25
Måling av frivillig innsats	27
Deltaking i frivilligliv blant innvandrarar i Noreg	29
Kva veit vi?	29
Engasjement i frivillige organisasjonar	33
Frivillig arbeid	34
Frivillig arbeid og organisasjonstypar	37
Medlemskap	42
Oppsummering	46
Sosial kapital og frivillig engasjement	49
Sosial kapital	49
Tillit, nettverk og frivillig arbeid	51
Samandrag og avsluttande kommentarar	59
Appendiks	61

Referansar	63
Samandrag/Abstract	67

Liste over tabellar

<i>Tabell 1: Bruttoutval for dei 10 største landgruppene.....</i>	<i>14</i>
<i>Tabell 2: Svarinngong, metode og språk i Innvandrundersøkinga</i>	<i>16</i>
<i>Tabell 3: Utval og svarinngong fordelt på land med meir enn 10 prosent av utvalet .</i>	<i>17</i>
<i>Tabell 4: Innvandratarar totalt i Noreg fordelt på generasjon.....</i>	<i>20</i>
<i>Tabell 5: Fordeling av innvandratarar på verdsregion og generasjon, i befolkninga og i utvalet.....</i>	<i>21</i>
<i>Tabell 6: Innvandratarar og barn av innvandratarar etter innvandringsårsak.</i>	<i>22</i>
<i>Tabell 7: Utvalets fordeling på bakgrunnsvariablar i Innvandrundersøkinga.</i>	<i>24</i>
<i>Tabell 8 : Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader. Utvalet totalt og fordelt på innvandratarar og barn av innvandratarar.</i>	<i>35</i>
<i>Tabell 9: Prosentdel som har utført gratisarbeid for organisasjonar siste 12 månader. Utvalet totalt og fordelt på innvandratarar og barn av innvandratarar.</i>	<i>36</i>
<i>Tabell 10: Frivillig arbeid fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Innvandrundersøkinga</i>	<i>38</i>
<i>Tabell 11 : Gratisarbeid fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Levekårsundersøkinga.</i>	<i>39</i>
<i>Tabell 12: Arbeidsoppgåver utført av frivillige. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Prosent (fleire svar mogeleg).</i>	<i>40</i>
<i>Tabell 13: Deltaking i minoritetsorienterte organisasjonar. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Prosent.....</i>	<i>41</i>
<i>Tabell 14: Deltaking i aktivitetar i innvandratarorganisasjonar eller trussamfunn. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Prosent (fleire svar mogeleg).</i>	<i>42</i>
<i>Tabell 15: Prosentdel som er medlem i minst ein frivillig organisasjon siste 12 månader. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Innvandrundersøkinga... </i>	<i>43</i>
<i>Tabell 16: Prosentdel som er medlem i minst ein frivillig organisasjon siste 12 månader. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Levekårsundersøkinga.</i>	<i>43</i>
<i>Tabell 17: Medlemskap fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Innvandrundersøkinga</i>	<i>45</i>
<i>Tabell 18: Medlemskap fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Levekårsundersøkinga.....</i>	<i>46</i>
<i>Tabell 19: Kven som er viktig del av sosiale nettverk. Blant innvandratarar og barn av innvandratarar. Prosent.....</i>	<i>52</i>
<i>Tabell 20: Frivillig arbeid og nettverksmangfald. Prosent.....</i>	<i>53</i>
<i>Tabell 21: Tillit og deltaking i frivillig arbeid. Gjennomsnitt på tillitsskala (0-10) ...</i>	<i>54</i>

<i>Tabell 22: Samanhengen mellom frivillig arbeid, mellommenneskelig tillit og nettverksmangfald. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.....</i>	<i>55</i>
<i>Tabell 23: Samanhengen mellom frivillig arbeid i innvandrar-/religiøs organisasjon og mellommenneskelig tillit. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.....</i>	<i>56</i>
<i>Tabell 24: Samanhengen mellom deltaking i aktivitetar i innvandrar-/religiøs organisasjon og nettverksmangfald. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.....</i>	<i>57</i>
<i>Tabell 25: Sannsyn for frivillig arbeid og medlemskap basert på bakgrunnskjenntegn. Logistisk regresjonsanalyse. Utandardiserte koeffisientar. Innvandrarsundersøkinga.....</i>	<i>61</i>
<i>Tabell 26: Sannsyn for frivillig arbeid og medlemskap etter bakgrunnskjenntekn. Logistisk regresjonsanalyse. Utandardiserte koeffisientar. Levekårsundersøkinga. .</i>	<i>62</i>

Føreord

Denne rapporten er eit resultat av forskingsprosjektet *Frivillig innsats og integrering* ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Senteret er finansiert av fleire departement, med Kulturdepartementet som hovudbidragsgevar. Senteret er eit samarbeid mellom forskarar frå Uni Research Rokkansenteret i Bergen og Institutt for samfunnsforskning i Oslo.

Det empiriske utgangspunktet for denne rapporten er ei spørjeskjemaundersøking blant 495 respondentar som sjølv har innvandra og norskfødde med innvandrarforeldre med bakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa. Det vil også bli tatt i bruk andre datakjelder for å få samanlikningsgrunnlag. Datagrunnlag blir diskutert meir utførleg i fyrste del av rapporten.

Hovudundersøkinga vart gjennomført i tidsrommet 04.06.2015 til 20.10.2015. Responsraten vart 10 prosent (495 av eit bruttoutval på 5000). Undersøkinga vart gjennomført av TNS Gallup. Ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet, analysane og rapporten som heilskap er Ivar Eimhjellen, Forskar II ved Uni Research Rokkansenteret og Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Undervegs i arbeidet har fleire senterforskarar bidratt. Blant andre har Guro Ødegård og Kari Steen-Johnsen bidrege i spørjeskjemaforminga. Bjarte Folkestad har hjelpt til i analysearbeidet og har saman med Dag-Arne Christensen og Kristin Strømsnes gjeve innspel til rapportutforminga.

Innleiing

Som følge av innvandringa til Noreg dei siste 40 åra har det skjedd store endringar når det gjeld verdiar, økonomi og arbeidsmarknad i Noreg. Med ulik bakgrunn og årsak til migrasjon har ulike innvandringsgrupper ulike føresetnader for integrasjon, både på arbeidsmarknaden og i samfunnet generelt. Saman med type innvandring (kvifor ein kjem) er butid også ein sentral faktor for integrasjon. Dei som kjem som arbeidsinnvandrarakar, dei som har budd lengre i Noreg, og barn av innvandrarakar er generelt betre integrert enn dei som kjem som flyktningar og dei som har budd her kort tid. Utdanningsnivå er også ein viktig faktor for integrering.

Sjølv om vi har mange innvandrarakar frå europeiske land som Sverige, Danmark og Tyskland, og frå andre vestlege land, så er det gjerne knytt større utfordringar til integrering av innvandrarakar frå andre verdsregionar, med andre kulturar og levesett. Relevansen av dette har blitt særskild tydeleg med den auka innvandringa til Noreg i samband med krig og forfølging fleire stader i verda dei seinare åra. Sett i forhold til majoritetsbefolkninga har ikkje-vestlege innvandrarakar generelt fleire arbeidsledige, og det er spesielt grupper frå ikkje-vestlege land som er overrepresentert i arbeidsløsestatistikken og når det gjeld sosialhjelp.

Integrasjon gjennom arbeidsmarknaden er vorte eit sentralt politisk mål dei siste åra, med eit større fokus på kvalifisering og arbeidstrening som krav for å få tilgang til offentlege ytingar. Eit sentralt prinsipp for inkludering i velferdsstaten er at flest mogeleg skal bidra til fellesskapet gjennom arbeid. Det er derfor heilt sentralt at dei som kjem til landet i størst mogeleg grad blir inkludert i arbeidslivet. Gjennom deltaking i arbeidslivet har ein nådd eit fyrste grunnleggande steg for integrering i Noreg. Likevel, i tillegg til arbeidslivet er det er også andre samfunnsarenaer ein kan delta på, og som er viktig for integreringa. Eit slikt område er det sivile samfunn og frivillige organisasjonar, som kan legge til rette for sosial og politisk deltaking og integrering.

I denne rapporten har vi fokus på personar med bakgrunn frå Asia og Afrika, samt ei relativt ny og stor gruppe med bakgrunn frå Aust-Europa. Dei inkluderte respondentane har eit minimum av fem års butid i Noreg. Målet er å

seie noko om deltaking i det norske frivilliglivet blant personar med innvandrarakgrunn i Noreg, både dei som sjølv har innvandra og barn av innvandrarar. Å få kartlagt innvandrargrupper si deltaking i norsk frivilligliv og i sivilsamfunnet meir generelt er ei viktig oppgåve sidan denne typen deltaking kan ha store verknader for integrering av innvandrarar i Noreg. Den generelle kunnskapen om sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrarar i Noreg er likevel avgrensa. Å gjennomføre statistiske undersøkingar av denne gruppa med generaliserbare resultat har mange gonger synt seg å vere svært vanskeleg. Eit hovudproblem er gjerne at ein ikkje oppnår kontakt med eller får svar frå dei ein ynskjer å få svar frå. Her står ein i fare for å få skeive utval ettersom nokre grupper, gjerne dei som er best integrerte og engasjerte, i større grad svarer enn andre. I dette prosjektet støtte vi raskt på dette problemet. Vi skal derfor, i tillegg til å rapportere frå denne undersøkinga (heretter kalla for Innvandrarundersøkinga), gjere greie for tidlegare kunnskap om innvandrarar si deltaking i norsk frivilligliv og diskutere dei metodiske utfordringane og potensielle løysingane som finnast. I tillegg til Innvandrarundersøkinga vil det bli referert til tidlegare undersøkingar og gjort nye analysar av eksisterande datamateriale for å kunne samanlikne og diskutere resultat.

Gjennom samanlikning kan vi undersøke i kva grad resultata er representative. Dersom ein gjennom samanlikning finn at det er ulike resultat, kan dette tyde på at ein må vere forsiktig med å konkludere på grunnlag av dei data ein sit på. Samanlikning kan med andre ord bidra til å trygge eigne konklusjonar eller så tvil om talgrunnlaget og avgrense sikre konklusjonar. Ei utfordring er likevel at ulike undersøkingar har ulike design for å måle frivillig engasjement slik at analyseresultat ikkje alltid er heilt samanliknbare. I rapporten vil vi vil likevel samanlikne ulike undersøkingar opp mot kvarandre.

I neste del av rapporten vil det bli gjort greie for dei ulike datagrunnlag i rapporten og metodar som vart nytta. Vidare vil rapporten sjå på utfordringar knytt til å gjere slike undersøkingar og potensialet for å kunne seie noko meir generelt om innvandrarakgrunn i Noreg basert på slike data. Rapporten går så over til analysar av Innvandrarundersøkinga, og ser på korleis innvandrarane i utvalet fordeler seg på dei ulike spørsmåla omkring nivå av frivillig innsats, medlemskap og type aktivitetar, samt undersøke i kva grad individkjenneteikn utgjer nokon forskjell. Dette blir avløyst av eit kapittel som omhandlar det vi kallar for sosial kapital (mellommenneskeleg tillit og sosiale nettverk) der vi kort forklarar omgrep, teori og forskning på feltet, før vi undersøker samanhengar mellom sosial kapital og deltaking i frivilligliv blant personar med innvandrarakgrunn. Til slutt kjem ei oppsummering og avslutning, med refleksjonar over kva som kan gjerast for å få betre kunnskap om denne tematikken framover.

Datagrunnlag og metode

Spørjeundersøkingar er i utgangspunktet eit svært godt verktøy for å gi svar på spørsmål som omhandlar større grupper av menneske, om for eksempel frivillig arbeid. Ved å gjennomføre ei undersøking av eit tilfeldig utval frå ei befolkning, kan ein gjennom desse personane sine svar kunne seie noko om befolkninga meir generelt. Det er likevel nokre føresetnadar som må vere oppfylte for å kunne generalisere resultat frå eit utval til befolkninga som utvalet er trekt frå. Mellom anna må utvalet vere tilfeldig trekt: alle i befolkninga må kunne ha ein like stor sjanse til å bli med, og utvalet må ha ein viss storleik, for eksempel mellom 1000 og 5000 personar av den norske befolkninga (på rundt 5 millionar).

Dessverre opplever vi stadig større utfordringar med å oppfylle desse krava, både internasjonalt og i Noreg, og spesielt når det gjeld undersøkingar blant ulike undergrupper, som for eksempel innvandrarak. Viljen til å svare på slike spørjeundersøkingar har gått ned over tid, og viljen til å svare på undersøkingar er ofte ulikt fordelt blant ulike grupper. Når ein har for få respondentar i ei undersøking vil det vere vanskeleg å analysere ulike undergrupper, for eksempel det å bryte ned eit innvandrarakutval på landbakgrunn eller aldersgrupper. Når det er nokre grupper av personar som systematisk ikkje svarer i ei spørjeundersøking får vi vidare problem med skeive resultat – at funn i utvalet ikkje kan generaliserast til heile befolkninga utvalet skal representere.

Låg svarprosent og skeive resultat er to ulike ting som ikkje nødvendigvis heng saman, men som ofte gjer det. Ein kan få generaliserbare resultat frå små utval, så lenge fråfallet er tilfeldig, dvs. at det er tilfeldig kven som ikkje svarer. Problemet med skeivhet startar når fråfallet er systematisk. For eksempel vil ei spørjeundersøking blant innvandrarak om frivillig arbeid i større grad kunne vere interessant å svare på for dei som allereie er frivillige. Dei som svarer på slike undersøkingar er også ofte meir integrerte enn dei som ikkje svarer. Dei har gjerne budd lengre i Noreg og har betre norskkunnskap. Paradokset er då gjerne at vi ikkje får tak i eller får svar frå dei vi ynskjer og vi får ikkje resultat som representerer innvandrakbefolkninga generelt.

Som nemnt i føreordet vart responsraten i Innvandarundersøkinga 10 prosent, noko som er svært lågt. Når vi ser at ein svarprosent er låg er det viktig å gjere merksam på dette, både for oppdragsgjevararar og lesarar av rapportar basert på slike undersøkingar. Dette er viktig for å hindre for sterke slutningar og tiltak basert på resultatane. I rapporten skal vi derfor fyrst gå igjennom metoden og datagrunnlaget og diskutere i kva grad vi kan sjå resultatane som representative for minoritetsbefolkninga i Noreg. Her vil vi også skildre andre relevante datagrunnlag som kan seie noko om innvandrarbefolkninga si deltaking norsk frivilligliv.

Innvandarundersøkinga

Som nemnt vart målgruppa for undersøkinga innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre (SSB-definisjonar) med bakgrunn frå Asia, Afrika og Aust-Europa. Respondentane måtte vere over 16 år og hatt minimum fem år butid i Noreg. Utvalet vart trekt basert på Folkeregisteret (av selskapet Evry) etter våre spesifikasjonar. Ved uttrekk vart det tatt omsyn til forventa svarprosent i ulike landgrupper. Landgrupper med forventa låg svarprosent vart overrepresenterte. I tillegg vart utvalde land kvotert opp for å kunne analyserast separat. Bruttoutvalet bestod av 5000 personar frå i alt 79 land. Tabellen under syner bruttoutvalet for dei 10 største landgruppene, der alle bortsett frå Bosniarar vart kvoterte opp ut over den prosentdelen dei representerer blant innvandrargruppa samla.

Tabell 1: Bruttoutval for dei 10 største landgruppene.

Land	Antal
Somalia	825
Pakistan	796
Irak	670
Polen	500
Vietnam	465
Tyrkia	416
Iran	237
India	134
Bosnia-Hercegovina	128
Thailand	106
Tot	4171

Kjelde: Innvandarundersøkinga 2015

Undersøkinga vart i fyrste omgang gjennomført som ei nettbasert undersøking der respondentar sjølv går inn på ei nettside og svarer på undersøkinga.¹ Innleiingsvis sende vi eit postalt invitasjonsbrev til målgruppa. I invitasjonsbrevet inkluderte vi nettadressa for undersøkinga, samt eit unikt passord. Spørjeskjemaet kunne svarast på engelsk og norsk, og i tillegg polsk for polakkar. Gruppa med polsk bakgrunn fekk også følgjebrevet på norsk og polsk. For andre respondentar var følgjebrevet utforma på norsk og engelsk. Omsetjinga av følgjebrevet og spørjeskjema til polsk vart gjort for å løfte svarprosenten frå denne gruppa sidan vi veit at mange arbeidsinnvandrarar i denne gruppa ikkje meistarar norsk.²

Undersøkinga vart sendt ut med postal invitasjon den 4.6.2015 til i alt 5000 personar. Ei SMS-påminning på norsk, engelsk og polsk vart sendt den 24.06.2015 til 2412 personar som vi klarte å oppdrive mobiltelefonnummer på (Bisnode Match). På same tid vart det lagd inn ein link til spørjeskjemaet i SMS-en, slik at dei kunne svare på mobil. Dei resterande (2588) fekk ei postal påminning den 26.6.2015. Påminningsbrevet vart også omsett til engelsk og polsk. Undersøkinga vart avslutta den 18.8.2015 med 235 svar, noko som utgjer 5 prosent.

Med bakgrunn i den låge svarprosenten vart det avgjort at utvalet skulle kontaktast per telefon for telefonintervju.³ Eit betydeleg kortare spørjeskjema, med ei effektiv intervjutid på om lag 12 minutt, vart så tilrettelagt. Her kutta vi for eksempel vekk spørsmål omkring bruk av sosiale medier og engasjement gjennom slike, og spørsmål om ikkje-løna og uformell hjelp til venner og slekt.⁴

Vi starta oppringinga 25.9.2015. Personar som svarte at dei ikkje hadde tid til å la seg intervjuet vart oppmoda til å svare på SMS. E-post adressa til respondentar vart også notert, slik at nokre også fekk tilsendt e-post med lenke til den lengre nettundersøkinga i etterkant av intervjuet.

Den 20.10.2015 vart det klart at det ikkje var mogeleg å få gjennomført fleire intervju på telefon, og undersøkinga vart avslutta. Telefonintervjua sikra 260 ekstra intervju, inkludert 10 på web slik at det i alt vart oppnådd 495 intervju fordelt med 245 på web og 250 på telefon. Dette gjev ei samla responsrate på 10 prosent. 269 invitasjonar/brev kom i retur som representerer vel 5 prosent av brutto-utvalet. Nokre av desse kan ha blitt ringt på telefon, utan at vi har sjekka for dette. Om vi trekk frå det vi fekk i retur, er

-
1. Dei økonomiske rammene for prosjektet avgrensar mogelegheit for andre datainnsamlingsmetodar, ettersom nettundersøkingar er rimelege å gjennomføre.
 2. Responsraten blant polakkar vart likevel låg, og fråfallet var særskilt stort blant polske menn.
 3. Med bakgrunn i den låge svarprosenten vart det tilført fleire økonomiske ressursar inn i prosjektet.
 4. I denne rapporten analyserer vi berre spørsmåla som vart stilt til heile utvalet.

responsraten for undersøkinga 10,5 prosent. Dette er uansett ein svarprosent som er rekna for å vere svært låg.

Tabell 2: Svarinnngong, metode og språk i Innvandrundersøkinga

Survey	Antal	Prosent
Utval	5000	100
Svar tot	495	10
Svar tlf.	250	50.5
Svar web	245	49.5
Norsk	479	97
Engelsk	5	1
Polsk	11	2

Kjelde: Innvandrundersøkinga 2015

Datafila frå undersøkinga vart tillagd ei vekt etter den prosentdel kvar innvandrargruppe har totalt i Noreg fordelt på kjønn og verdsregion.⁵ Personar som representerer landgrupper med færre enn 15 svar fikk vekt 1, som betyr at dei verken vart vekta opp eller ned.

I tabellen under syner vi utvalet og fråfallet sortert etter innvandrargrupper som er representert med meir enn 10 personar i brutto-utvalet. Land som er utheva i grått vart spesielt kvotert opp på bakgrunn av erfaringar med særskild stort fråfall i desse gruppene. Blant dei landgruppene som tok i mot 100 eller fleire invitasjonar til undersøkinga, varierer svarprosenten mellom 7 prosent (Vietnam) og 19 prosent (Bosniarar).

5. Vekting er ein metode for å prøve å kompensere for skeive utval, der underrepresenterte grupper av respondentar og deira svar blir tillagd meir vekt i analysar.

Tabell 3: Utval og svarinnngong fordelt på land med meir enn 10 prosent av utvalet

ENDELIG UTVALG 1.6.2015	Bruttoutvalget		Nettoutvalget		Svarprosent	Avvik i %poeng
	Antall	Prosent	Antall	Prosent		
Total	5000	100,0	495	100,0	9,9	0,0
SOMALIA	825	16,5	72	14,5	8,7	-2,0
PAKISTAN	796	15,9	76	15,4	9,5	-0,6
IRAK	670	13,4	52	10,5	7,8	-2,9
POLEN	500	10,0	59	11,9	11,8	1,9
VIETNAM	465	9,3	33	6,7	7,1	-2,6
TYRKIA	416	8,3	33	6,7	7,9	-1,7
IRAN	237	4,7	38	7,7	16,0	2,9
INDIA	134	2,7	15	3,0	11,2	0,4
BOSNIA-HERCEGOVINA	128	2,6	24	4,8	18,8	2,3
THAILAND	106	2,1	15	3,0	14,2	0,9
SRI LANKA	96	1,9	11	2,2	11,5	0,3
MAROKKO	88	1,8	9	1,8	10,2	0,1
AFGHANISTAN	67	1,3	7	1,4	10,4	0,1
FILIPPINENE	53	1,1	6	1,2	11,3	0,2
KINA	47	0,9	5	1,0	10,6	0,1
RUSSLAND	43	0,9	5	1,0	11,6	0,2
ESTLAND	28	0,6	3	,6	10,7	0,0
ETIOPIA	19	0,4	4	,8	21,1	0,4
KROATIA	18	0,4	2	,4	11,1	0,0
MYANMAR (BURMA)	17	0,3	2	,4	11,8	0,1
HONGKONG	14	0,3	3	,6	21,4	0,3
LITAUEN	13	0,3	1	,2	7,7	-0,1
PALESTINSKE OMRÅDET, DET	13	0,3	1	,2	7,7	-0,1
ALGERIE	11	0,2			0,0	-0,2
LIBANON	11	0,2	1	,2	9,1	0,0
SYRIA	10	0,2			0,0	-0,2

Kjelde: Innvandrundersøkinga 2015

Til slutt stod vi att med eit utval på 495 personar. 324 innvandrarar og 180 barn av innvandrarar, med bakgrunn frå 41 land i Asia, Afrika og Aust-Europa, og som har budd i Noreg i minimum fem år. I følgje SSB sin definisjon av personar med innvandrarakgrunn inkluderer ein personar fode i Noreg av to utanlandsfode foreldre som har innvandra. I tråd med dette vart 8 respondentar som berre har ein forelder som er innvandrar tatt ut av datamaterialet.

Som nemnt innleiingsvis vil det vere føremålstenleg å samanlikne egne undersøkingar med andre datakjelder for å kunne vurdere kor mykje vekt ein kan legge på analyseresultat. I det følgjande blir to andre datakjelder presentert.

Andre datakjelder

To sentrale samanlikningsgrunnlag er SSB si Levekårsundersøking frå 2014, og tidligare Frivillig innsats-undersøkingar gjennomført på oppdrag frå Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Vi skal samanlikne med

Levekårsundersøkinga ettersom den er gjennomført innanfor relativt same periode (det er liten tidsforskjell mellom dei to undersøkingane) og inkluderer samanliknbare spørsmål. I tillegg har Levekårsundersøkinga betre svarprosent enn Innvandrarundersøkinga. I tillegg skal vi samanlikne med Frivillig innsats-undersøkinga frå 2014 blant den norske befolkninga generelt. Det vil også bli referert til Frivillig innsats-undersøkinga frå 2009, som hadde eit tilleggsutval av innvandrarar frå Asia og Afrika, og eit nokolunde likt design og like spørsmålsformuleringar. Her kan vi undersøke eventuelle forskjellar over tid (mellom 2009 og 2015). Under kjem ei kort skildring av dei to alternative datagrunnlaga.

*Levekårsundersøkinga*⁶

Levekårsundersøkinga er ei undersøking som blir gjennomført jamleg av Statistisk Sentralbyrå, som har hovudansvar for å dekke behovet for statistikk om det norske samfunnet og for å samordne all offisiell statistikk i Noreg. Undersøkinga har ein kjernedel med faste spørsmål kvar gong, samt ein temadel som blir gjentatt kvart tredje år. I 2014 var temaet friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosiale nettverk. Til undersøkinga i 2014 vart det trekt eit tilfeldig utval på 9600 personar frå folkeregisteret i alderen 16 år og oppover. Undersøkinga er ei panelundersøking som inneber at ein spør dei same personane i fleire år på rad for å følgje utvikling over tid. For å korrigere for fråfall blant visse grupper, blir det laga vektar der underrepresenterte grupper blir tillagt meir vekt i analyser, for eksempel ved kjenneteikn som kjønn, alder og utdanning. Desse vektene blir brukt i denne rapporten der det er føremålstenleg.

Ein stor forskjell mellom Levekårsundersøkinga og mange andre undersøkingar er mengd ressursar som er tilgjengelege i datainnsamlinga, noko som også gjev eit betre datagrunnlag enn i mange andre undersøkingar. SSB har for eksempel ressursar nok til å gjennomføre ansikt til ansikt intervju med respondentar, noko som gjev ein mykje høgare svarprosent enn andre og billegare metodar, for eksempel telefon- eller web-intervju.

Med utgangspunkt i data frå Levekårsundersøkinga av heile befolkninga i Noreg kan vi så skilje ut innvandrarar og analysere desse separat. Dette vart gjort for respondentar med bakgrunn frå Asia, Afrika og Aust-Europa. Dette utvalet kom på 426 personar, 184 frå Asia, 78 frå Afrika og 164 frå Aust-Europa. I dette utvalet er det 307 som sjølv har innvandra og 28 som er barn av innvandrarar. Det er altså ein underrepresentasjon av barn av innvandrarar, samanlikna med denne innvandrarbefolkninga generelt (8 prosent i utvalet mot 20 prosent i befolkninga).

6. Data frå "Levekårsundersøkelsen EU-SILC, 2014" i anonymisert form er stilt til disposisjon av Statistisk sentralbyrå gjennom Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD). Verken Statistisk sentralbyrå eller NSD er ansvarleg for analysen av data, eller dei tolkingar som er gjort her.

Frivillig innsats-undersøkingane 2009 og 2014

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor gjennomfører jamleg befolkningsundersøkingar omkring frivillig innsats i Noreg. I 2009 vart det gjennomført ei slik undersøking av eit bruttoutval på 2975 personer i alderen 16-79 år, med ein svarprosent på 53,1 prosent. SSB gjennomførte undersøkinga som vart gjort på telefon og på norsk. I denne undersøkinga vart det inkludert eit tilleggsutval med innvandrarar og barn av innvandrarar med bakgrunn på land i Asia og i Afrika. Rapporten *Etniske Minoriteter og frivillige organisasjoner* (Eimhjellen og Segard 2010) vart skriven på bakgrunn av denne undersøkinga. Vi skal referere til nokre av resultatane i denne undersøkinga. Bruttoutvalet bestod av 992 personar mellom 16 og 79 år, og var jamt fordelt mellom innvandrarar og barn av innvandrarar. Alle personane i utvalet hadde minimum fem års butid i Noreg. Svarprosenten for tilleggsutvalet var totalt 36,2 prosent, som var noko lågare enn for det totale utvalet. Svarprosenten for personar med bakgrunn frå Asia var høgare enn for dei med afrikansk bakgrunn, og høgare blant barn av innvandrarar enn innvandrarar. Ein relativt høg svarprosent i denne undersøkinga samanlikna med Innvandarundersøkinga har mellom anna å gjere med dei ressursane som vart lagt ned i den og som inkluderte telefonintervju. I utvalet var unge mellom 16 og 19 år samt personar med høgare utdanning overrepresenterte. I analysane vart det brukt vekt for landbakgrunn (Eimhjellen og Segard 2010).

Frivillig innsats-undersøkinga vart gjenteke i to separate undersøkingar i 2014, ein gjennomført av SSB og ein av Respons Analyse. Undersøkingane er bakgrunn for rapporten «Frivillig innsats i Noreg 1998-2014» (Folkestad, Christensen, Strømsnes og Selle 2015). Responsundersøkinga hadde eit bruttoutval på 4000 og ein svarprosent på 25,5. I SSB undersøkinga vart bruttoutvalet 1921 personar, med ein svarprosent på 56,9. Det vart ikkje trekt tilleggsutval av personar med innvandrarbakgrunn i desse undersøkingane.

Demografiske kjenneteikn ved innvandrarbefolkninga i Noreg

I følgje SSB (2015) var det ved inngangen til 2015 805 000 personar med innvandrarbakgrunn i Noreg, av desse 669 400 som sjølv har innvandra (83 prosent) og 135 600 norskfødde med innvandrarforeldre (17 prosent). Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjer med dette 15,6 prosent av folkemengda i Noreg, 13 prosent som sjølv har innvandra og 2,6 prosent barn av innvandrarar. I Oslo utgjer innvandrarar 32 prosent av befolkninga, mens prosentdelen i Bergen er 16,2 prosent. Innvandrarar frå Asia, Afrika og Aust-Europa utgjer 60 prosent av innvandrarbefolkninga i Noreg. I denne gruppa utgjer personar med bakgrunn frå Asia 37 prosent, frå Afrika 17 prosent og frå Aust-Europa 46 prosent.

Tabell 4: Innvandrarakar totalt i Noreg fordelt på generasjon.

	Prosent	Antal (n)
Innvandrarar	83	669 400
Barn av innvandrarakar	17	135 600
Totalt i Noreg	100	805 000

Kjelde: SSB 2015

Blant de største innvandrargruppene (Asia, Afrika og Aust-Europa) har 80 prosent av befolkninga sjølv innvandra, mens om lag 20 prosent er barn av innvandrarakar. I Innvandrarakundersøkinga er det 64 prosent som er innvandrarakar og 36 prosent som er barn av innvandrarakar. Vi har altså ein underrepresentasjon av innvandrarakar og overrepresentasjon av barn av innvandrarakar i utvalet. Gjennomsnittleg butid i Noreg blant innvandrarakane i utvalet er 13 år. Vi kan merke oss at gjennomsnittsalder i utvalet for når ein kom til Noreg er 11 år. Lengst butid er 40 år og kortast er 0 år. 90 prosent av innvandrarakane i utvalet kom før dei var 18 år. Mange av dei som sjølv har innvandra har derfor hatt ein del av si barne- og ungdomstid i Noreg, noko som kan gjere dei meir like sine etterkomarakar og nordmenn generelt, enn dei som har innvandra etter sine formative barne- og ungdomsår. I utvalet er det 59 prosent som har bakgrunn frå Asia, 18 prosent som har bakgrunn frå Afrika og 23 prosent som har bakgrunn frå Aust-Europa. Samanlikna med befolkninga, har Innvandrarakundersøkinga ein overrepresentasjon av personar med bakgrunn frå Asia. For personar med afrikansk bakgrunn er fordelinga i utvalet og i innvandrarakbefolkninga omtrent lik (17 og 18 prosent). Personar med bakgrunn i Aust-Europa utgjer ein mindre del av utvalet (23 prosent) samanlikna med tilsvarande innvandrarakgruppe i innvandrarakbefolkninga (46 prosent). Ved vekt er fordelinga i utvalet på verdsregion: Asia 44, Afrika 13 og Aust-Europa 43 prosent

Tabell 5: Fordeling av innvandrarak på verdsregion og generasjon, i befolkninga og i utvalet

	Populasjon %	Populasjon N	Utval %	Utval N
Asia	37	178 701	59	291
Afrika	17	82 107	18	91
Aust-Europa	46	229 999	23	112
Innvandrarak	80	386 382	64	314
Barn av innvandrarak	20	96 595	36	180
N total	100	482 977	100	494

Kjelde: SSB og Innvandrarakundersøkinga 2015

Innvandrarakbefolkninga

I innvandrarakbefolkninga i Noreg er polakkar den desidert største gruppa med nesten 100 000 personar (91 000 innvandrarak og 9400 norskfødde). På andre plass kjem Litauen med 39 100 personar (35 900 innvandrarak og 3400 norskfødde). Desse to gruppene er ein del av den største bølga av innvandring til Noreg nokosinne. Denne nye innvandringsbølga starta ved utvidinga av EU i 2004, då 10 nye land (8 av dei i det austlege Europa) vart inkludert i unionen. Som del av den europeiske arbeidsmarknaden (EØS) kunne personar frå desse landa fritt reise til og ta arbeid i Sør- og Vest-Europa, inkludert Noreg.⁷ Med Polen som det største avsenderlandet er det i størst grad polske menn som har kome for å arbeide i bygg- og anleggsbransjen, mens ein mindre prosentdel kvinner har kome for å arbeide innanfor reinhald, i hotell- og restaurantbransjen eller innan helse og omsorg. Det er også mange polske kvinner som kjem for å gjenforeinast med sambuar og ektefelle. Sjølv om mange polske immigrantar har korte opphald og har reist tilbake til Polen eller vidare i Europa etter eit opphald i Noreg, er det fleire og fleire som slår seg ned meir permanent i Noreg. Som følgje av dette ser vi framveksten av eit meir permanent polsk samfunn i Noreg (Friberg 2013).

Eit dagsaktuelt innvandrarakstema er dei mange flyktningane som kjem til Noreg i samband med krigen i Syria, og frå andre land i Afrika og Midt-Austen prega av krig og forfølging. Dette er ikkje noko som blir fanga opp i denne undersøkinga, sidan vi ser på personar som har budd i Noreg i minst fem år. Tema som blir tatt opp i denne rapporten vil likevel vere relevant for flyktningssituasjonen sidan det handlar om integrering av innvandrarak i Noreg.

7. Svenskar utgjer den andre største innvandrarakgruppa i Noreg med tanke på personar som sjølv har innvandra. Svenskar er ikkje del av undersøkinga som ligg til grunn for denne rapporten.

Av innvandrargrupper som kom til Noreg før denne siste innvandringsbølgja er personar frå Somalia (N=37631), Pakistan (N=35192) og Irak (N=30660) dei største gruppene (innvandrar og deira etterkomarar). Til liks med polakkar og litauarar kom migrantar frå Pakistan på 70 - 80-talet i stor grad til Noreg for å arbeide. Med familiegjeforeining og lang butid har den pakistanske befolkninga i Noreg størst prosentdel barn av innvandrarar (N=16 000). Når det gjeld innvandrarar frå land som Somalia og Irak, så er bakgrunnen for innvandring gjerne ein annan. Her kan det vere snakk om flukt frå heimlandet på grunn av krig, vald, konflikt eller etterfølging. Også desse gruppene har etter kvart ein stor prosentdel barn. Frå SSB sine tal i tabellen under ser vi fordelinga av innvandrarar til Noreg etter innvandringsårsak i seinare tid.⁸ Her ser vi at sidan 1990 er gruppa som har kome gjennom familiegjeforeining den største (N=250048). Arbeidsinnvandrarar er den nest største gruppa (N=230159), med flyktningar på tredje plass (N=131949). Nokre kjem også for å studere (N=71828). I Innvandrarundersøkinga er utvalet dessverre for lite til at vi kan analysere undergrupper basert på landbakgrunn.

Tabell 6: Innvandrarar og barn av innvandrarar etter innvandringsårsak.

		Endring i prosent		Innvandring i alt sidan 1990
		2013 - 2014	2004 - 2014	
I alt	49 881	-8,5	134,8	688 229
Arbeid	21 367	-9,2	425,9	230 159
Familie	16 212	-7,1	75,4	250 048
Flukt	6 999	-5,1	37,7	131 949
Utdanning	5 019	-14,26	82,0	71 828
Andre	249	-17,0	149,0	3 514

Kjelde: SSB 2014

Til liks med befolkninga generelt i Noreg, er kjønnsfordeliga blant innvandrarbefolkninga omtrent lik. Det er så vidt ei overvekt av kvinner i innvandrargruppa, men dette gjeld også for befolkninga generelt. Det er likevel forskjellar mellom ulike innvandrargrupper med omsyn til verdsregion. For eksempel er det ein overrepresentasjon av menn blant polakkar (60 prosent) og irakarar (57 prosent), mens det er ein overrepresentasjon av kvinner frå Thailand (84 prosent), Filippinene (77 prosent) og Russland (66 prosent). I vårt utval er det ei lita skeivfordeling

8. <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvgrunn>

med fleire menn enn kvinner, noko som skil seg frå befolkninga og innvandrarbefolkninga generelt. Det er også forskjellar innad i landgrupper med ein overrepresentasjon av polske (66 prosent) og russiske (60 prosent) kvinner, irakiske menn (60 prosent) og thailandske menn (53 prosent).

Når det gjeld alder så er minoritetsbefolkninga i Noreg yngre enn befolkninga som heilskap, med fleire unge (under 44 år) og færre eldre (over 44 år). Seks prosent av innvandrarane er over 65 år, mot 14 prosent i befolkninga under eitt (tal frå 2007, SSB). Blant innvandrarar er halvparten mellom 20 og 40 år og berre 9 prosent er over 60 år. Blant barn av innvandrarar er 50 prosent under 10 år, 80 prosent er under 20 år og berre 32 prosent er over 40 år. Når det gjeld aldersfordelinga i vårt utval så er det ein stor skeivhet i forhold til befolkninga generelt og også i forhold til minoritetsbefolkninga generelt, der vi har svært mange fleire yngre. Utleidd frå tabellen under er 94 prosent av utvalet mellom 16 og 45 år, samanlikna med 39 prosent for befolkninga som heilskap, og 45 prosent for minoritetsbefolkninga. Gjennomsnittsalderen i utvalet samla er 26 år og eldste person er 60 år. Gjennomsnittsalderen for innvandrarar er 28 år og gjennomsnittsalderen for barn av innvandrarar er 24 år. Vi snakkar altså her om eit svært ungt utval.

Utdanningsnivået blant innvandrarar frå Asia, Afrika og Aust-Europa er lågare enn for befolkninga elles, med fleire som ikkje har utdanning ut over grunnskulen og færre som har høg utdanning. Men, det er store forskjellar mellom innvandrarar frå ulike land. Blant innvandrarar frå Afghanistan, Somalia og Marokko er det mellom 7 og 9 prosent som ikkje har utdanning. Blant polakkar er det berre 0,1 prosent som ikkje har noko utdanning. 42 prosent av 19-24 åringane som er fødd i Noreg av to innvandrarforeldre er studentar ved høgskular og universitet (tal frå SSB, 2015). Tilsvarende tal var 17 prosent for innvandrarar og 36 prosent for alle 19-24 åringar Noreg. At prosentdelen er relativt låg blant innvandrarar skuldast i stor grad at mange innvandrarar i denne aldersgruppa kjem til Noreg for å arbeide – og ikkje for å studere (Tal frå SSB, 2015). Samanliknar vi vårt utval med innvandrarbefolkninga, er det fleire som høgare utdanning (1-4+år) enn i innvandrarbefolkninga generelt og befolkninga generelt i Noreg. Vi har altså eit utprega høgt utdanna utval- både i forhold til innvandrarbefolkninga i Noreg og i forhold til heile den norske befolkninga.

Tabell 7: Utvalets fordeling på bakgrunnsvariablar i Innvandrundersøkinga.

		Utval %
Alder	16-19 år	24
	20-44år	70
	45-66 år	6
	67år +	0
Kjønn	Mann	52
	Kvinne	48
Utdanning	Grunnskule	13
	Vgs/yrkesskule	47
	Uni/Høgskule 1-3 år	23
	Uni/Høgskule 4 + år	17
Hushaldsinntekt	Under 400.000	39
	400.000 -800.000	31
	800.001 -1.200.000	16
	1.200.001 - 1.600.000	4
	Over 1.601.000	10
Gift/sambuar	Nei	72
	Ja	28
Arbeid/student	I arbeid	50
	Student	39
Fødd i utlandet	Nei	11
	Ja	64
	Nei	36
Barn heime	Ja	30
	Nei	70
Helsetilstand	God/Svært god	86
	Nokolunde	9
	Dårleg/Svært dårleg	5
Verdsregion	Asia	59
	Afrika	18
	Aust-Europa	23
N total		494

Kjelde: Innvandrundersøkinga 2015

Er utvalet i Innvandrundersøkinga representativt?

Basert på utgreiinga ovanfor er det rimeleg å konkludere med at utvalet ikkje er representativt for innvandarbefolkninga frå Asia, Afrika og Aust-Europa i Noreg. Fordelingane i utvalet tyder på at vi har å gjere med eit svært ungt og høgt utdanna utval med lang butid i Noreg. På bakgrunn av dette kan vi kalle det eit «eliteutval». Dette fører vidare til at vi må ta sterke atterhald når det gjeld generaliseringspotensialet for resultatane i denne undersøkinga, særskild med tanke på nivå av frivillig arbeid og medlemskap blant innvandarbefolkninga generelt i Noreg. Likevel kan denne rapporten seie noko interessant om korleis godt integrerte personar med innvandarbakgrunn deltek i frivilliglivet. Rapporten bidreg også med openheit og diskusjonar kring datagrunnlag, metodar og utfordringar med å få fram god kunnskap om innvandrarakter si deltaking i det norske frivilliglivet.

Utfordringar i spørjeundersøkingar av innvandrarakter

Ideen bak representative spørjeundersøkingar er at vi kan trekke slutningar om heile befolkningar basert på eit tilfeldig trekt utval og deira svar. Men, svarprosenten i spørjeundersøkingar har gått ned over tid, både i Noreg og internasjonalt (Hellevik 2015b, Hellevik 2015a). Vi er i dag mindre villige til å delta i spørjeundersøkingar enn før, og dette gjeld spesielt blant innvandrargrupper. Eit unntak er kanskje SSB sine jamlege Levekårsundersøkingar i Noreg, som i 2014 fekk ein svarprosent på 55.⁹ Dette har ein del å gjere med innsatsen og mengd ressursar som blir brukt på å få gode data i desse undersøkingane. Når vi opplever ein slik nedgang i svarprosent generelt, og for innvandrarakter spesielt, er det rimeleg å spørje i kva grad denne type undersøking kan nyttast til å seie noko om innvandarbefolkninga i Noreg.

Ein låg svarprosent, dvs. fråfallet mellom det totale utvalet (bruttoutval) og den endelege responsraten, kan vere ei potensiell feilkjelde som fører til skeive resultat. Her kan nokre grupper og deira svar bli overrepresenterte mens andre blir underrepresenterte. Hellevik hevdar likevel at det ikkje nødvendigvis er samanheng mellom storleiken på fråfall og kor skeive resultat blir (Hellevik 2015b, Hellevik 2015a). Ofte vil ikkje resultat frå to undersøkingar av ei befolkning med ein liten og ein stor respons vere så store. Men, sjølv om det ikkje er ein direkte samanheng mellom fråfall og skeive resultat, så er det lett for at det kan bli det – særskilt viss fråfallet er stort. Det er derfor uansett eit mål å få svar frå så mange som mogeleg i det utvalet som trekt.

9. Dokumentasjonsrapport for undersøkinga kan hentast på http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/221524?_ts=14c21982b78 (sist besøkt 01.03.2016)

I følgje Hellevik er det andre element ved spørjeundersøkingemetoden som kan by på større utfordringar enn svarprosent. Slike element kan vere problem knytt til spørsmålsformulering, eller til bruk av ulike intervjuemetodar i same undersøking, som for eksempel telefonintervju og sjølvutfylling av spørjeskjema. Forståingar av omgrep, ord og uttrykk er også ei utfordring med tanke på skeivhet. Dette gjeld spesielt når ein undersøker ulike grupper med omsyn til landbakgrunn og kultur og språk. Her kan ord, uttrykk og omgrep ha svært ulik mening i ulike landgrupper, for eksempel omgrepet «frivillighet». Her kan ein stå i fare for å gjere målefeil; at ein måler ulike ting ved bruk av same omgrep. Bruk av «uvanlige» uttrykk og omgrep kan også føre til at fråfallet blir større. Andre faktorar som kan bidra til skeivhet er feil i trekkinga av utval, sjølvseleksjon blant respondentar basert på interesse for- og kunnskap om tema i undersøkinga, kven som har tid til å svare, respondentar sin tillit til spørjeundersøkingar, og til forskarar og til samfunnet generelt, og om lese-, skrive- og språkevner. For Innvandrarundersøkinga vil særleg sjølvseleksjon vere ei utfordring å ta høgde for.

For nokre kjenneteikn i eit utval kan ein ofte sjekke for skeivhet (for eksempel alder, kjønn og landbakgrunn) ved å samanlikne utvalet med ulike registeropplysningar. Men dette gjeld på langt nær for alle kjenneteikn. Sjølv om eit utval er representativt for ein populasjon på nokre kjenneteikn kan likevel utvalet vere svært skeivt på andre kjenneteikn som vi ikkje kan sjekke for, for eksempel frivillig arbeid. For å undersøke for skeivhet er det derfor nyttig å kunne samanlikne med andre undersøkingar. Andre måtar å undersøke for skeivhet i utval er å ta i bruk vektorer der underrepresenterte utvalsgrupper får ei større vekt i analysane enn andre.

Tiltak for å minske fråfall kan vere å gje god informasjon om undersøkingane og informasjon om anonymitet og teieplikt. Andre tiltak kan vere å gje god opplæring til intervjuarar, ha gode kontaktstrategiar, å kombinere ulike datainnsamlingsmetodar (tlf., fysisk, web), testing av skjema, gje incentiv til å delta, og å ha gode omsetjingar til aktuelle språk. Nokre av desse tiltaka vil vere relativt enkle å gjennomføre, mens andre vil krevje mykje ressursar, for eksempel det å gjere ansikt til ansikt intervju med respondentar.

Sjølv om ein ikkje nødvendigvis kan generalisere resultat frå utvalet til heile populasjonen så kan ein, om mengda respondentar er stor nok, undersøke forskjellar mellom ulike grupper i slike undersøkingar, for eksempel ulike landbakgrunnar. Samanlikningar med andre undersøkingar vil igjen kunne utgjere eit grunnlag for vurdering av kor gyldige resultat er. Talgrunnlaget i Innvandrarundersøkinga er likevel for lite til å kunne brytast ned på landbakgrunn.

Måling av frivillig innsats

I målingar av samfunnsfenomen vil det alltid vere ein del usikkerhet om i kva grad vi klarer å fange inn det vi ynskjer å vite noko om (validitet) og om i kva grad gjentekne målingar med same måleinstrument syner det same resultatet (reliabilitet). Det er dermed ikkje ei rett-fram oppgåve å måle frivillig innsats.

For det fyrste vil det kunne innebere metodiske utfordringar knytt til intervjumetode, for eksempel webintervju versus telefonintervju. Det kan vidare vere utfordringar knytt til om spørsmåla om frivillig innsats kjem i ei undersøking som handlar særskild om dette tema, eller om dei er inkludert ei større undersøking som også handlar om andre tema (Abraham, Helms og Presser 2009). Her kan respondentar som allereie er frivillige i større grad ynskje å delta i ei undersøking om frivillig arbeid. Det kan her altså vere ein samanheng mellom vilje til å delta i undersøkingar omkring frivillig innsats og om ein sjølv er frivillig. Her indikerer analyser at tematisk breie analysar har eit noko lågare nivå av frivillig innsats enn i undersøkingar som spesifikt handlar om frivillig innsats (Folkestad et al. 2015).

Ei tredje utfordring er i kva grad respondentane er sannferdige når ein svarer i slike undersøkingar. Her kan for eksempel respondentar oppleve ein aktivitet som frivillig innsats å vere ei samfunnsplikt og noko ein bør delta i, såkalla «social desirability bias». Respondentar kan då vere tilbøyelege til å svare bekreftande om frivillig innsats, sjølv om dei eigentleg ikkje har gjort det. Dette syner seg å vere særskild relevant for frivillig innsats der fleire i intervjuundersøkingar seier dei gjer slik innsats enn kva offentlege kartleggingar syner (Hellevik 2015a, Hellevik 2015b, PEW 2012).

Ei fjerde utfordring kan vere om respondentar forstår kva frivillig innsats er, og kva ein frivillig organisasjon er. Dette er særskild relevant i undersøkingar av innvandrarar. Her kan ein tenkje seg at det vil vere vanskelegare for ein person som ikkje er fødd og oppvaksen i Noreg å forstå kva frivillig innsats inneber og kva som blir rekna for å vere ein frivillig organisasjon. Ulike undergrupper kan også ha ulike forståingar av kva «frivillig» betyr.

Ei femte utfordring handlar om ulike måtar å spørje på, om filterspørsmål og om såkalla «recall» versus «recognition» spørsmål (Cnaan, Jones, Dickin og Salomon 2011). Viss vi spør ein person eit generelt spørsmål om frivillig innsats siste år versus å spørje om personen har gjer frivillig innsats for spesifikke organisasjonskategoriar siste år, vil dette kunne ha effekt på i kva grad ein klarer å hugse om ein har gjort frivillig innsats. Om ein person får spesifisert ulike typar organisasjonar ein kan gjere ein innsats for, så kan det vere enklare å kome på om ein faktisk har gjort ein slik innsats for ein slik organisasjon. I Frivillig Innsats-undersøkinga frå 2009 vart det brukt eit slikt filterspørsmål (Folkestad et al. 2015). I Innvandrarundersøkinga har vi ikkje med eit slikt filter.

Med desse ulike betraktningane omkring spørjeundersøkingar blant innvandrarbefolkninga i bakhovudet, skal vi vidare sjå på kva Innvandrarundersøkinga syner om personar med innvandrarbakgrunn si deltaking i det norske frivilliglivet.

Deltaking i frivilligliv blant innvandrara i Noreg

Kva veit vi?

Med eit atterhald om at utvalet i Frivillig innsats-undersøkinga frå 2009 var yngre og høgare utdanna enn innvandrarbefolkninga generelt i Noreg, så synte undersøkinga at personar med bakgrunn frå Asia og Afrika (både innvandrara og barn av innvandrara) vart mindre representerte i det norske frivilliglivet enn nordmenn generelt (Eimhjellen et al. 2010, Wollebæk og Sivesind 2010). Dette vart knytt mellom anna til at denne gruppa generelt har ein lågare sosioøkonomisk status enn befolkninga generelt, og at personar med låg sosioøkonomisk status i mindre grad deltek i frivilligliv (Wollebæk et al. 2010). Forskjellane mellom personar med innvandrarbakgrunn og nordmenn generelt vart større for medlemskap i frivillige organisasjonar (43 mot 70 prosent) enn for frivillig arbeid (36 mot 49 prosent) (Eimhjellen et al. 2010). Det vart også færre blant dei med innvandrarbakgrunn som hadde formelle verv i organisasjonane. Saman indikerte dette at personar med innvandrarbakgrunn si deltaking i frivilliglivet vart forholdsvis mindre jo meir formell deltakingsforma var. Dette er også støtta av organisasjonsundersøkingar (Christensen, Strømsnes og Wollebæk 2011). 2009-undersøkinga synte også at personar med innvandrarbakgrunn vart best representerte som frivillige og som medlemmer innanfor religions- og livssynsorganisasjonar. Dei hadde også stor grad av deltaking i idrettsorganisasjonar, men hadde likevel ein liten prosentdel samanlikna med befolkninga elles. Dette samsvarer også med andre studiar og ser ut til å vere eit stabilt trekk ved innvandrara si deltaking i norsk frivilligliv (Enjolras og Wollebæk 2010, Blom 1998, Blom og Henriksen 2008). 2009-undersøkinga synte også at sentrale barrierar for meir frivillig deltaking mellom anna var krevjande arbeidssituasjon, manglande interesse, helseproblem, og mangel på nettverk og kunnskap om korleis ein skulle kome seg inn i frivillig arbeid. Språkbarrierar har også synt seg å vere sentrale hindringar for meir deltaking i frivillige organisasjonar (Enjolras et al. 2010). Sjølv om deltakingsnivået er lågare, så rapporterer frivillige med innvandrarbakgrunn ein høgare

motivasjon for det frivillige arbeidet enn for befolkninga elles, der særskild læringspotensiale, det å vise medkjensle, og det å kjenne at ein betyr noko vart trekt fram som viktige motivasjonsfaktorar.

Innvandrarane hadde også ein større grad av segregert organisasjonsdeltaking enn befolkninga elles, då dei ofte deltok i organisasjonar saman med andre som hadde same nasjonalitet. Elles synte undersøkinga også at det generelle tillitsnivået og den politiske interessa var lågare hos innvandrarbefolkninga enn for nordmenn generelt. Dette er ein tendens vi kan sjå att i den formelle politiske deltakinga, i politisk representasjon og ved stemmegjeving i minoritetsbefolkninga, der den er lågare enn hos majoritetsbefolkninga (Bjørklund og Bergh 2013).

Ikkje overraskande er religiøse organisasjonar og innvandrarorganisasjonar i stor grad basert på kulturell og/eller religiøs homogenitet og har i stor grad medlemmer frå spesifikke land eller områder. Det er relativt få nasjonale formelle paraplyorganisasjonar på dette området, og organisasjonane er i stor grad retta mot utføring av tenester heller enn meir ekspressive aktivitetar. Organisasjonane på dette området er også i stor grad retta innover mot egne medlemmer, heller enn ut mot det norske samfunnet (Predelli 2006, Rogstad 2007).

Når det gjeld meir uformelle former for frivillig deltaking, som det å hjelpe slekt, venner og kjende, tyder svenske data på at minoritetsbefolkninga er overrepresentert i forhold til majoritetsbefolkninga (i Sverige) (Svedberg, Jegermalm og Von Essen 2010). I Noreg har vi indikasjonar på at det eksisterer ei stor mengde nettverk og uformelle organisasjonar, utan formelle medlemskap og strukturar, blant minoritetsbefolkninga. Dette kan vere fellesskap som er samla kring tema og aktivitetar relatert til mellom anna religion, kultur, barn og idrett. Desse nettverka er ikkje registrerte som formelle organisasjonar og dei er heller ikkje støtta av offentlege myndigheiter (Takle 2014). Motivasjon for deltaking i slike fellesskap ser i hovudsak ut til å vere sosiale og kulturelle (Ødegård, Steen-Johnsen, Loga og Ravneberg 2014). Mange deltek her for å etablere og vedlikehalde sosiale nettverk, og unngå sosial isolasjon. Dette gjeld særskild for nyankomne innvandrarar, der dei også kan ta imot råd og informasjon om korleis navigere i samfunnet generelt og i det offentlege byråkratiet spesielt. På dette området har vi derimot mindre statistisk kunnskap om utbreiing av fenomenet.

Når det gjeld kulturelt basert motivasjon for deltaking så handlar dette om å ta vare på kulturen og tradisjonar frå landet dei har bakgrunn i, for eksempel gjennom språk, dans, musikk eller mat. Ein annan viktig motivasjonsfaktor for fleire minoritetsgrupper si deltaking er politisk engasjement og mobilisering, spesielt for grupper som er politiske flyktingar. Eit godt døme på dette er tamilske organisasjonar som arbeider for tamilske interesser både for å skape merksemd generelt, men også på den politiske arenaen. Her syner også valforskning at minoritetsgrupper blir særskild mobilisert når ein kandidat

til politisk verv har same landbakgrunn som ein sjølv har (Bjørklund et al. 2013). Graden av politisk deltaking blant minoritetsgrupper har også samanheng med den politiske tilstanden i opphavlandet, og kva stilling minoritetsgruppa har der. Nokre grupper er meir aktive og engasjerte enn andre grunna særskilde politiske situasjonar i opphavlandet (Kim og Amnå 2015).

Engasjement i frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar blir tillagt mange ulike samfunnsroller og funksjonar, gjerne knytt til utviklinga av gode samfunn, til velferd, sosial integrasjon, politisk styring eller til demokrati.¹⁰ Perspektiva på kva typar organisasjonar, arbeidsmåtar eller ideologiar som er mest verdifulle i sivilsamfunnet varierer. Ein viktig distinksjon er skiljet mellom ei politisk og demokratisk rolle (Tocqueville 1969) og ei sosial integrasjonsrolle som sivilsamfunnsorganisasjonar er hevda å ha. Med integrasjonsrolle tenkjer ein mest på korleis sivilsamfunnsorganisasjonar kan bidra til å skape sosial integrasjon, tilhøyrslø og sosiale relasjonar mellom menneske. I dette perspektivet blir interessefelleskap og konsensusorientering vektlagt. Frå eit anna og meir politisk orientert sivilsamfunnsperspektiv fokuserer ein mest på den demokratiske rolla som organisasjonar kan ha, som ein infrastruktur og korporativ kanal mellom medborgarar og staten (Rokkan, 1967). Her blir organisasjonane si rolle som aktørar i interessekampar framheva, der konflikt er ein innebygd del av det politiske systemet.

Eit anna skilje i perspektiv på sivilsamfunnsorganisasjonar er i kva grad organisasjonane og organisasjonsarbeidet rettar seg innover mot sine egne aktive og medlemmer, eller om dei er meir opptekne av andre individ, grupper eller saker i samfunnet meir generelt. David Horton Smith (1993) skil her mellom samfunnsretta *public benefit* og medlemsretta *member benefit* frivillige grupper. Samfunnsretta grupper arbeider hovudsakleg for å tene eller støtte utanforståande grupper eller menneske, mens medlemsretta grupper i hovudsak arbeider for eller dreier seg omkring egne interne medlemmer heller enn dei som står utanfor.

Vi skal i dette kapittelet undersøke nivået av frivillig arbeid og medlemskap i frivillige organisasjonar. Vi skal undersøkje kva Innvandringsundersøkinga syner, samt samanlikne dette med andre kjelder. For å måle frivillig innsats blant innvandrarar har vi i Innvandrarsundersøkinga

10. Det finnst ulike namn og omgrep for slike organisasjonar: Sivilsamfunnsorganisasjonar, frivillige organisasjonar, sosial rørslø-organisasjonar, tredje-sektor organisasjonar, non-profit organisasjonar, etc. Dei kan kvar vise til spesifikke organisasjonstypar, men peikar alle på organisasjonar som kan seiast å tilhøyre sivilsamfunnssfæren.

spurt respondentane om dei hadde utført frivillig arbeid i løpet av dei siste 12 månadane for frivillige organisasjonar innanfor 10 organisasjonskategoriar. Frivillig arbeid vart definert som «*frivillig ulønt arbeidsinnsats som ein gjer for organisasjonar eller personar utan at ein får vanleg løn for dette*». Her reknar vi ikkje med vanleg medlemsaktivitet som deltaking i trening, øving, medlemsmøter og liknande. Dette er ei formulering som ofte blir brukt i slike undersøkingar internasjonalt, og som er brukt i tidlegare undersøkingar om frivillig innsats i Noreg.

I Levekårsundersøkinga er derimot spørsmål om frivillig innsats annleis. Her var spørsmålet formulert slik: «*Har du i løpet av de siste 12 måneder utført noe gratisarbeid for en organisasjon, klubb eller forening? Regn også med organisasjoner som du ikke er medlem av*». Denne definisjonen skil seg ein del frå Innvandrarundersøkinga. Ved hjelp av survey-eksperiment er det gjort undersøkingar av ulike formuleringar av spørsmål om frivillig engasjement (Folkestad et al. 2015). I denne undersøkinga fann ein at ulike formuleringar og omgrep ikkje hadde noko stor verknad på korleis respondentane svarte, så lenge ein hadde med eit omgrep for frivillig organisasjon i spørsmålet. Det er likevel usikkert om dette også gjeld omgrepet «gratisarbeid» utan å ta i bruk omgrepet «frivillig».

Noko anna som skil Levekårsundersøkinga frå Innvandrarundersøkinga er bruk av filterspørsmål, der ein fyrst spør om ein har gjort gratisarbeid for organisasjonar, for så seinare å spørje om gratisarbeid for spesifiserte organisasjonskategoriar. Dei som svarer nei på det fyrste spørsmålet om gratisarbeid vil ikkje få spørsmåla om dei spesifiserte organisasjonskategoriane. I Levekårsundersøkinga er eit slikt filter brukt. Her møter vi utfordringa med «recall» versus «recognition» spørsmål (Cnaan et al. 2011) som vi var inne på tidlegare, der det truleg er enklare å hugse om ein har gjort gratisarbeid siste år om ein får spørsmål om ein har gjort det for spesifikke organisasjonskategoriar. Her kan det ha vore enklare for respondentane i Innvandrarundersøkinga å hugse at ein har gjort frivillig arbeid enn for respondentane i Levekårsundersøkinga. Vi må derfor i utgangspunktet vere forsiktige med å legge for mykje vekt på eventuelle nivåforskjellar i frivillig arbeid mellom dei to undersøkingane. Samanlikninga kan likevel gje ein peikepinn på kor gyldige resultatane er.

Frivillig arbeid

Basert på tidlegare forskning vil vi kunne forvente at nivået av frivillig innsats i innvandrarutvalet er lågare enn for befolkninga som heilskap i Noreg. Frivillig innsats undersøkinga frå 2009 synte eit nivå av frivillig arbeid på 36 prosent blant innvandrarar frå Asia og Afrika (Eimhjellen og Seggaard 2010), som låg 12 prosentpoeng under nivået for befolkninga som heilskap (48 prosent) i 2009. For befolkninga som heilskap fann ein i 2014 eit nivå av frivillig arbeid på 61 prosent i Noreg (Folkestad et al. 2015).

I kontrast til våre forventningar om lågare deltaking hos innvandrarar syner Innvandrarundersøkinga at 61 prosent (vekta) av det totale utvalet svarte bekreftande på at dei hadde gjort frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader (sjå tabell 8 under).¹¹ Utvalet i vår undersøking har altså ein like høg prosentdel frivillige som befolkninga elles, og syner ein stor forskjell på 27 prosentpoeng frå det som vart funne i 2009 blant innvandrarar frå Afrika og Asia (Eimhjellen og Seggaard, 2010). At det har skjedd ei auke på nesten 30 prosentpoeng i kor mange som gjer frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg på berre 6 år er lite truleg, og denne auken må knytast til omstende rundt undersøkingane, mellom anna at vi har å gjere med eit såkalla «eliteutval» av innvandrarar – at dei som har svart på denne spørjeundersøkinga er godt integrerte og ressurssterke menneske med forholdsvis lang butid og som i stor grad liknar på befolkninga elles i Noreg.

Tabell 8 : Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader. Utvalet totalt og fordelt på innvandrarar og barn av innvandrarar.

Har utført frivillig arbeid	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Prosentdel (vekta)	61	63	56
N total (ikkje vekta)	481	309	172
		Sig (χ^2):0.056	

Kjelde: Innvandrarundersøkinga 2015

Om vi sjekkar for forskjellar mellom innvandrarar og barn av innvandrarar er det færre blant barn av innvandrarar som gjer frivillig arbeid (56 prosent), men samanhengen er ikkje signifikant.¹²

Til samanlikning syner Levekårsundersøkinga for eit isolert utval av innvandrarar frå Asia, Afrika, og Aust-Europa¹³, at nivået av gratisarbeid for organisasjonar ligg på 15 prosent (vekta), ein markant nivåforskjell i forhold til Innvandrarundersøkinga. Her vil mellom anna filterproblematikk, spørsmålsformulering, ulike typar utval og skeivhet kunne forklare

11. Talet er vekta etter kjønn og landbakgrunn

12. Signifikans handlar om i kva grad vi kan påstå at eit funn i eit utval er gyldig for populasjonen, gitt at utvalet er representativt.

13. Her vart respondentar frå Asia, Afrika og Aust-Europa samla i eitt datasett. Samtidig var det nokre respondentar som verken sjølv eller hadde foreldre som hadde innvandra, som var igjen i datasettet. Desse respondentane var også fjerna frå datasettet, som då besto av 375 respondentar.

nivåforskjellen, og det er vanskeleg å slå fast kva nivået «eigentleg» er og om det har skjedd endringar over tid.¹⁴

Tabell 9: Prosentdel som har utført gratisarbeid for organisasjonar siste 12 månader. Utvalet totalt og fordelt på innvandrarar og barn av innvandrarar.

Har utført frivillig arbeid	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Prosentdel (vekta)	15	13	44
N total (ikkje vekta)	330	302	28
		Sig (x2):0,000	

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2014

I Levekårsundersøkinga finn vi vidare ein interessant forskjell mellom barn av innvandrarar og dei som sjølv har innvandra. Her har barn av innvandrarar ein over dobbelt så stor prosentdel som har gjort gratisarbeid (44 prosent) samanlikna med innvandrarar (13 prosent) – ein differanse på 31 prosentpoeng. Dette kan vi mogleg tolke i retning av at filterspørsmål kan ha meir å bety for nivået av frivillig innsats for innvandrarar enn for deira barn. Innvandrarar vil kanskje ikkje ha dei same referansane til kva denne type arbeid er og kva frivillige organisasjonar er, mens barn av innvandrarar som er oppvaksne i Noreg vil ha desse referansane til liks med befolkninga elles, og difor ligg på tilnærma same nivå som for befolkninga (40 prosent). Her må vi likevel vere forsiktige med å konkludere sidan det berre er 25 personar i gruppa barn av innvandrarar i Levekårsundersøkinga.

Om vi tek utgangspunkt i Frivillig innsats-undersøkinga frå 2014 for befolkninga som heilskap, kan vi forvente at menn gjer meir frivillig arbeid enn kvinner, at dei med høg utdanning gjer meir enn dei med låg, at dei som er gifte gjer meir enn dei som ikkje er gift, og at dei som tener mykje er meir aktive enn dei som tener lite (Folkestad et al. 2015). I denne befolkningsundersøkinga var det også signifikante forskjellar mellom desse gruppene. Basert på Frivillig innsats-undersøkinga frå 2009 kan vi forvente at det er fleire blant gifte og blant dei med høg utdanning og inntekt som gjer frivillig arbeid, blant personar med bakgrunn frå Asia og Afrika (Eimhjellen et al. 2010). Verken i Innvandrarundersøkinga 2015 eller i Levekårsundersøkinga 2014 finn vi slike forskjellar (sjå tabell 25 og 26 i Appendiks), bortsett frå eigenrapportert helse, der vi finn ein signifikant forskjell mellom dei som har god helse og dei som har mindre god helse for

14. Om vi også samanliknar det totale utvalet i Levekårsundersøkinga 2015 med Frivillig Innsats-undersøkinga i 2014, som begge skal vere befolkningsrepresentative, så ligg nivået i Levekårsundersøkinga også godt under det ein fann i Frivillig innsats-undersøkinga: 37 mot 61 prosent. Også her vil dei ulike faktorane i undersøkingsutforminga kunne vere årsak til nivåforskjellar.

om ein gjer frivillig arbeid eller ikkje.¹⁵ Det var heller ikkje forskjellar mellom personar med ulik geografisk bakgrunn, verken i Innvandrundersøkinga eller i Levekårsundersøkinga. Dei same resultatane går igjen når vi gjer samla analyser for verknaden av bakgrunnsvariablar på sannsyn for frivillig arbeid.¹⁶ Dette indikerer at utvalet i Innvandrundersøkinga ikkje er eit representativt utval, og at vi truleg har å gjere med eit «eliteutval» av godt integrerte innvandrarar og barn av innvandrarar som svarer på same vis som befolkninga elles på spørsmål om frivillig arbeid.

Frivillig arbeid og organisasjonstypar

Av dei frivillige i Innvandrundersøkinga utfører 36 prosent frivillig arbeid innanfor idretten (sjå tabell 10 under), som også er den største kategorien for befolkninga som heilskap, med ein prosentdel på 41 (Folkestad et al. 2015). På andre plass kjem sosiale og humanitære organisasjonar (34 prosent) og på tredje plass kjem kultur, musikk og hobbyorganisasjonar og religiøse organisasjonar med ein prosentdel på 32. I religions- og livssynsorganisasjonar syner Innvandrundersøkinga ein over dobbelt så stor prosentdel som i befolkninga elles (34 prosent mot 14 prosent) (Folkestad et al. 2015).

Den fjerde største kategorien i Innvandrundersøkinga er «andre organisasjonar» med ein prosentdel på 31. Dette kan tyde på at vi ikkje klarer å fange godt nok inn kva typar organisasjonar innvandrarar gjer frivillig arbeid for med vår kategorisering, som også skilde seg noko frå Frivillig Innsatsundersøkinga 2015. Etter desse kategoriane kjem velforeningar og liknande med ein prosentdel på 28. Ein interessant observasjon er at det berre

15. Her gjer vi ein Kji-kvadrat test som testar sannsynet for at det ikkje er noko samanheng mellom to variablar i eit sannsynsutval. Testen seier noko om generaliseringspotensialet utvalet har for ein populasjon. Vi gjer ein signifikanstest med eit valt signifikansnivå. Ei vanleg grense er 5 prosent, der vi vil forkaste ei hypotese om at det ikkje er ein samanheng mellom variablane viss testverdien ligg under 0.05 – om verdien for samanheng i utvalet er under 0.05 er det over 95 prosent sannsynleg at det er ein statistisk samanheng i populasjonen.

16. Her gjorde vi ei regresjonsanalyse der vi ser på alle desse kjenneteikna i lag og sjekkar for innverknaden som kvar og eit kjenneteikn har på sannsynet for å gjere frivillig arbeid, kontrollert for innverknaden av dei andre kjenneteikna. I desse variablane ikkje syner seg å ha noko innverknad på sannsyn for å gjere frivillig arbeid – noko som vil stride mot forventningar basert på tidlegare forskning, så er det nok eit teikn på at utvalet i Innvandrundersøkinga ikkje er eit representativt utval, og at vi mest truleg har å gjere med eit såkalla «eliteutval» av godt integrerte innvandrarar og barn av innvandrarar som svarer på same vis som befolkninga elles på spørsmål om frivillig arbeid. Det var også gjennomført analyser der butid vart inkludert som bakgrunnsvariabel, men sidan færre hadde svart på dette spørsmålet vart datagrunnlaget mindre. Variabelen for butid vart derfor ekskludert i den endelege analysen. Når den vart inkludert hadde ikkje lengd på butid nokon signifikant positiv effekt på frivillig arbeid eller på medlemskap.

er 14 prosent som utfører frivillig arbeid for innvandrorganisasjonar, dette kan ha å gjere med at vi har eit ungt utval som kanskje i mindre grad er opptatt av sin innvandrarakgrunn. Organisasjonstypene med lågast prosentdel frivillige er politiske parti (11 prosent) og andre politiske organisasjonar (10 prosent). Dette er likevel ein dobbelt så stor prosentdel frivillige enn i befolkninga elles (Folkestad et al. 2015) og som også strid mot andre undersøkingar der ein finn eit lågare nivå av politisk deltaking blant innvandrarakgrunn, sjølv om det finnast store forskjellar med omsyn til landbakgrunn (Bjørklund et al. 2013). Utvalet i undersøkinga skil seg altså ut som svært politisk engasjert.

Tabell 10: Frivillig arbeid fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Innvandrarakundersøkinga.

Organisasjonstype	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Idrett	36	39	28
Sosial, humanitær	34	35	34
Kultur, musikk, hobby	32	31	36
Religion, livssynsorganisasjon	32	34	28
Andre	31	35	17
Velforeining, grendelag, burettslag	28	30	22
Fagforeining, yrkesorganisasjon	24	22	27
Innvandrarorganisasjon	14	15	11
Politisk parti	11	10	12
Andre politisk orienterte	10	9	10
Maks N total (Ikkje vekta)	294	198	96

Prosenttala er vekta

Kjelde: Innvandrarakundersøkinga 2015.

I Levekårsundersøkinga er prosentdelen som gjer frivillig arbeid innan idretten 27, og dermed nesten 10 prosentpoeng lågare enn i Frivillig innsatsundersøkinga (men hugs igjen filterspørsmålet).¹⁷ I Levekårsundersøkinga er det 18 prosentpoeng færre som gjer frivillig arbeid i kultur, musikk og

17. Her er ikkje organisasjonskategoriane i dei tre undersøkingane like. I undersøkinga som denne rapporten er basert på har vi redusert eit standard kategoriseringsskjema for frivillige organisasjonar (ICNPO) og tilpassa det til innvandrarakgrunn. Levekårsundersøkinga har igjen andre organisasjonsinndelingar. Likevel er idrettskategorien i dei ulike undersøkingane tilnærma like.

hobbyorganisasjonar enn i Innvandrundersøkinga. For religiøse organisasjonar er forskjellen endå større med 19 prosentpoeng. I kategorien «andre organisasjonar» er det ein mindre prosentdel i Levekårsundersøkinga (22 prosent) enn i Innvandrundersøkinga (31 prosent) som har svart at dei har gjort frivillig arbeid. Forskjellane her har nok ein del å gjere med dei ulike typane kategoriane som er nytta i dei to undersøkingane. Vi må også vere forsiktige med å legge for mykje vekt på desse forskjellane for prosentdelar per organisasjonskategori, sidan det er snakk om relativt få respondentar i kvar kategori. Få respondentar gjer også at vi ikkje går vidare inn på forskjellar mellom innvandrarar og barn av innvandrarar.

Tabell 11 : Gratisarbeid fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar moglege). Levekårsundersøkinga.

Organisasjonstype	Utvalet totalt
Idrett	27
Andre	22
Kultur, musikk, hobby	12
Religion, livssynsorganisasjon	11
Politisk parti	3
Maks N total	60

Prosenttala er vekta

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2015.

Frivillig arbeid kan bestå av mange ulike arbeidsoppgåver. I Innvandrundersøkinga spurte vi dei frivillige med innvandrarakgrunn om dei hadde utført 10 typar av frivillig arbeid.¹⁸ Svaralternativet som fekk størst prosentdel var kategorien «anna» (37 prosent) (sjå figur 12). Dette tyder på at dei konkretiserte kategoriane vi spurte om heller ikkje ser ut til å fange godt nok inn dei typane arbeidsoppgåver som dei frivillige gjer. Blant dei definerte aktivitetane er det deltaking i innsamlingar (14 prosent), dugnader (17 prosent) og hjelp og omsorgsarbeid (15 prosent) som er vanlegast.

18. Separate spørsmål for kva organisasjonskategori som har vorte koda om til ein variabel

Tabell 12: Arbeidsoppgåver utført av frivillige. Blant innvandrarar og barn av innvandrarar. Prosent (fleire svar mogeleg).

	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Anna	37	41	29
Dugnader	17	16	19
Hjelp/Omsorgsarbeid	15	15	15
Innsamlingar	14	18	6
Administrasjon/kontor	4	3	9
Administrasjon av nettsider	4	3	5
Anna informasjonsarbeid	4	1	13
Styrearbeid	2	1	3
Instruksjon/Trening	1	2	0
Transport	1	0	3
N total (ikkje vekta)	277	187	90
		Sig. 0.001***	

Prosenttala er vekta

Kjelde: Innvandrarundersøkinga 2015.

Vi spurte også innvandrarane spesifikt om deltaking i innvandrarorganisasjonar og i religiøse organisasjonar. Her handlar det om *deltaking* i organisasjonsaktivitetar, med eller utan medlemskap. Dette kan vi skilje analytisk frå frivillig arbeid, som handlar meir om å tilrettelegge for deltaking og aktivitet. Den fyrste typen deltaking vi skal sjå på er i innvandrar- og trussamfunnsorganisasjonar. Her svarte 14 prosent av innvandrarane at dei deltek i ein innvandrarorganisasjon, som er ein litt større prosentdel enn dei som seier dei har gjort *frivillig arbeid* for ein innvandrarorganisasjon. Vidare er det over dobbelt så mange som seier dei har delteke i aktivitetar i eit trussamfunn (33 prosent) som er tilnærma same andel som svarte at dei utførte frivillig arbeid i ein religions- eller livssynsorientert organisasjon. Det vart ingen signifikante forskjellar mellom innvandrarar og barn av innvandrarar. For deltaking i aktivitetar i denne typen organisasjonar sjekka vi også om geografisk bakgrunn hadde noko betydning. Her fann vi ein signifikant forskjell der fleire frå Afrika (43 prosent), enn Asia (31 prosent) og Aust-Europa (25 prosent) deltek.

Tabell 13: Deltaking i minoritetsorienterte organisasjonar. Blant innvandrarakar og barn av innvandrarakar. Prosent.

	Utvalet totalt	Innvandrarakar	Barn av innvandrarakar
Innvandrarakorganisasjon	14	16	12
		Sig (χ^2): 0,067	
Trussamfunn	33	36	27
		Sig (χ^2): 0,621	
Maks N total (ikkje vekta)	479	307	172

Kjelde: Innvandrarakundersøkinga 2015

Vi spurte også om type aktivitetar ein deltok i i denne typen organisasjonar. Den mest populære aktivitetskategorien som vi hadde med i undersøkinga er «andre aktivitetar», med 57 prosent. Dette tyder igjen på at vi ikkje klarer å fange inn aspekt ved deltaking i slike organisasjonar. Trusopplæring er elles ein sentral kategori med ein prosentdel på 39, samt idrett med ein prosentdel på 25. Berre 13 og 10 prosent er med på morsmålsopplæring og dans og musikk. For trusopplæring og andre aktivitetar fann vi i tillegg signifikante forskjellar mellom innvandrarakar og barn av innvandrarakar, der fleire blant barn av innvandrarakar deltek i trusopplæring og færre i kategorien «andre aktivitetar».

Tabell 14: Deltaking i aktivitetar i innvandrorganisasjonar eller trussamfunn. Blant innvandrarar og barn av innvandrarar. Prosent (fleire svar mogeleg).

Aktivitet	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Morsmålsopplæring	13	12	16
		Sig (χ^2): 0,849	
Idrett	25	24	27
		Sig (χ^2): 0,438	
Dans og musikk	10	10	11
		Sig (χ^2): 0,308	
Trusopplæring **	39	34	56
		Sig (χ^2): 0,005	
Andre aktivitetar *	57	60	46
		Sig (χ^2): 0,033	
N total (ikkje vekta)	181	120	61

Prosenttala er vekta

Kjelde: Innvandarundersøkinga 2015.

Medlemskap

Medlemskapsinstitusjonen er eit sentralt element i det norske frivilliglivet og kan fungere som eit legitimeringsgrunnlag for organisasjonar.

Tidlegare undersøkingar har synt at medlemskap er mykje mindre utbreidd blant minoritetsbefolkninga enn majoritetsbefolkninga i Noreg (Eimhjellen et al. 2010, Enjolras et al. 2010, Wollebæk et al. 2010). 2009-undersøkinga synte at 43 prosent av personar med innvandrarakgrunn frå Asia og Afrika var medlemmer i frivillige organisasjonar. For befolkninga generelt synte tala frå 2014 at 76 prosent av nordmenn er medlem av minst ein frivillig organisasjon som ein har gjort frivillig arbeid for (Folkestad et al. 2015). I Innvandarundersøkinga har innvandarane ein prosentdel på 67 som er medlemmer i ein frivillig organisasjon, 24 prosentpoeng fleire enn 2009-undersøkinga viste. I Innvandarundersøkinga var det til forskjell frå Frivillig innsats-undersøkinga ikkje noko filter. I Frivillig innsats-undersøkinga vart det spurt om medlemskap i organisasjonar ein gjer frivillig arbeid for, mens i Innvandarundersøkinga vart alle respondentane spurt, noko som kan forklare litt av forskjellen i nivået på medlemskap. Det var ingen signifikante forskjellar mellom innvandararar og barn av innvandararar.

Tabell 15: Prosentdel som er medlem i minst ein frivillig organisasjon siste 12 månader. Blant innvandrarak og barn av innvandrarak. Innvandrarakundersøkinga.

Medlemskap	Utvalet totalt	Innvandrarak	Barn av innvandrarak
Prosentdel (vekta)	67	66	72
N total (ikkje vekta)	486	314	172
		Sig. (x2):0,470	

Kjelde: Innvandrarakundersøkinga 2015

Også Levekårsundersøkinga hadde spørsmål om medlemskap. Her finn vi at nivået av medlemskap er 23 prosentpoeng lågare enn i Innvandrarakundersøkinga. Heller ikkje her finn vi forskjellar mellom innvandrarak og barn av innvandrarak.

Tabell 16: Prosentdel som er medlem i minst ein frivillig organisasjon siste 12 månader. Blant innvandrarak og barn av innvandrarak. Levekårsundersøkinga.

Medlemskap	Utvalet totalt	Innvandrarak	Barn av innvandrarak
Prosentdel (vekta)	44	44	48
N total (ikkje vekta)	282	262	20
		Sig. (x2):0,246	

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2014

Når det gjeld fordeling på bakgrunnsvariablar og medlemskap finn vi ingen signifikante forskjellar blant innvandrarakane i Innvandrarakundersøkinga. Ei samla regresjonsanalyse stadfester også dette biletet (sjå tabell 25 i Appendiks), bortsett frå at det å ha barn heime har ein signifikant positiv innverknad. I Levekårsundersøkinga finn vi at det er signifikant fleire av dei over 36 år (53 prosent) enn under (34 prosent) som er medlemmer og fleire blant dei som er i arbeid eller er studentar som er medlemmer enn dei som ikkje er det (50 mot 32 prosent). I ei samla regresjonsanalyse av verknaden av bakgrunnsvariablar for sannsynet for organisasjonsmedlemskap finn vi to kjenneteikn som har signifikant verknad: det å vere i arbeid og butid i Noreg (sjå tabell 26 i Appendiks). Noko som samsvarer med tidlegare refleksjonar omkring grad av integrasjon og samfunnsdeltaking.

Tabell 17 under syner korleis organisasjonsmedlemene fordeler seg på dei ulike organisasjonskategoriene. I utvalet totalt er det flest som seier dei er medlemmer i fagforeiningar og yrkesorganisasjonar (38 prosent). Etter desse følgjer religion- og livssynsorganisasjonar med 34 prosent, idretten med 27

prosent, og sosiale og humanitære organisasjonar med 22 prosent. Det er 11 prosent som er medlemmer i ein innvandrarorganisasjon, 13 prosent er medlemmer i eit politisk parti og 6 prosent som er medlemmer i andre politiske organisasjonar. Desse tala er svært høge samanlikna med kva prosentdelen er for befolkninga generelt i Noreg. Levekårsundersøkinga i 2014 synte for eksempel ein prosentdel på 7 prosent av befolkninga som vart medlem i eit politisk parti. I Innvandrarundersøkinga finn vi også signifikante forskjellar når det gjeld geografisk bakgrunn og medlemskap i politiske parti, der personar frå Aust-Europa (6 prosent) er langt mindre representerte enn blant personar frå Afrika (22 prosent) og Asia (20 prosent).

Tabell 17: Medlemskap fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Innvandrарundersøkinga.

Organisasjonstypе	Utvalet totalt	Innvandrарar	Barn av innvandrарar
Fagforeining, yrkesorganisasjon	38	39	34
		Sig (χ^2):0,343	
Religion, livssynsorganisasjon	34	38	26
		Sig (χ^2):0,762	
Idrett	27	29	24
		Sig (χ^2):0,887	
Sosial, humanitær	22	20	25
		Sig (χ^2):0,721	
Kultur, musikk, hobby	15	15	14
		Sig (χ^2):0,665	
Velforeining, grendelag, burettslag	15	14	16
		Sig (χ^2):0,597	
Andre	15	16	14
		Sig (χ^2):0,717	
Politisk parti	13	13	11
		Sig (χ^2):0,144	
Innvandrарorganisasjon	11	11	9
		Sig (χ^2):0,056	
Andre politisk orienterte	6	5	9
		Sig (χ^2):0,061	
N total (Ikkje vekta)	329	209	120

Prosenttala er vekta

Kjelde: Innvandrарundersøkinga 2015

I Levekårsundersøkinga er det også spurt om medlemskap per organisasjonskategori, sjølv om kategoriseringa er noko annleis. Vi samanliknar derfor dei organisasjonskategoriane som er relativt like. På spørsmåla om medlemskap i Levekårsundersøkinga er det ikkje filter slik som for frivillig arbeid, og tala er derfor meir samanliknbare med Innvandrарundersøkinga. Til liks med Innvandrарundersøkinga er også fagforeiningar den organisasjonstypen som flest er medlem i (28 prosent).

Etter desse følgjer religiøse organisasjonar (13 prosent), idrettsorganisasjonar (8 prosent), andre organisasjonar (6 prosent), og til slutt kulturorganisasjonar (5 prosent). For idrettsorganisasjonar og for religion og livssynsorganisasjonar er forskjellen mellom undersøkingane på 21 prosent. For dei andre organisasjonstypene er nivået om lag 10 prosent høgare i Innvandrarundersøkinga enn i Levekårsundersøkinga.

Tabell 18: Medlemskap fordelt på organisasjonstypar. Prosent (fleire svar mogeleg). Levekårsundersøkinga.

Organisasjonstype	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Idrett	8	7	21
		Sig (χ^2):0,003	
Kultur, musikk, hobby	5	5	0
		Sig (χ^2): 0,213	
Politisk parti	3	2	3
		Sig (χ^2):0,859	
Fagforeining, yrkesorganisasjon	28	29	18
		Sig (χ^2):0,261	
Religion, livssynsorganisasjon	13	12	26
		Sig (χ^2):0,032	
Andre	6	7	3
		Sig (χ^2):0,463	
N total (ikkje vekta)	331	303	28

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2014

Oppsummering

Som vi såg i starten av dette kapittelet var nivået av frivillig arbeid i utvalet i Innvandrarundersøkinga 2015 på nivå med befolkninga elles i Noreg. Det er likevel lite truleg at dette er eit representativt funn som gjeld heile innvandrarbefolkninga med bakgrunn frå Asia, Afrika og Aust-Europa i Noreg. I Levekårsundersøkinga 2014 var nivået av frivillig arbeid 46 prosentpoeng lågare enn i Innvandrarundersøkinga. Levekårsundersøkinga hadde her eit filterspørsmål som kan ha redusert respondentar si evne til å kome på frivillig arbeid dei har gjort for spesifikke organisasjonar. Likevel er det lite truleg at filterproblematikken kan forklare heile denne forskjellen. Det

ser her ut til at vi har å gjere med to ulike typar utval av innvandrarar. Vi veit heller ikkje kor mykje av forskjellane som skuldast skeivhet i utval og kor mykje som skuldast ulike undersøkjingsdesign. På dette grunnlaget er det derfor svært vanskeleg å skulle konkludere noko om nivået av frivillig arbeid og medlemskap blant innvandrarar og barn av innvandrarar generelt i Noreg. Resultata seier mogleg noko om ei gruppe av godt integrerte, høgt utdanna og unge innvandrarar si deltaking i frivilliglivet. I så måte liknar denne gruppa på nordmenn generelt når det gjeld nivå av frivillig arbeid i frivillige organisasjonar.

Når det gjeld typar organisasjonar dette utvalet gjer frivillig arbeid for, så liknar det også noko på majoritetsbefolkninga, men skil seg også ut på nokre kategoriar. Idrettsorganisasjonar står fram som den vanlegaste organisasjonstypen å gjere frivillig arbeid for, slik det også er for befolkninga elles. Kultur-, musikk- og hobbyorganisasjonar er også ein populær organisasjonstype å gjere frivillig arbeid for i begge grupper. I Innvandarundersøkinga er det likevel sosiale og humanitære organisasjonar som ligg på andre plass, mens den kjem lengre ned på lista for befolkninga elles.¹⁹ Utvalet i innvandarundersøkinga er altså meir engasjert i sosiale og humanitære organisasjonar enn befolkninga elles. Dette gjeld også for politiske parti, med ein dobbelt så stor prosentdel som i befolkninga. Kanskje ikkje overraskande er det også fleire i utvalet vårt enn i befolkninga elles som gjer frivillig arbeid for religiøse- og livssynsorganisasjonar og som vi såg hadde også kategorien «andre» ein stor prosentdel, som også skil seg frå majoritetsbefolkninga si fordeling. For deltaking i velforeiningar er derimot det frivillige arbeidet ein del mindre i utvalet enn i majoritetsbefolkninga. Utvalet i Innvandarundersøkinga utfører altså like mykje frivillig arbeid, og ein del av fordelinga på organisasjonstypar liknar også på majoritetsbefolkninga si fordeling, men skil seg også ut på nokre av kategoriane. Tala for medlemskap i organisasjonar er ikkje heilt samanliknbare mellom Innvandarundersøkinga 2015 og Frivillig innsatsundersøkinga, men dei ligg begge på eit høgt og kanskje tilnærma likt nivå. Om vi samanliknar Levekårsundersøkinga med Frivillig innsatsundersøkinga ser vi likevel ein stor forskjell mellom minoritets- og majoritetsbefolkninga når det gjeld medlemskap.

Men, likevel er det altså knytt ein del usikkerheit til desse tala, både med omsyn til generaliserbarhet og som samanlikningsgrunnlag. For å kunne konkludere meir sikkert, og på eit meir generelt grunnlag er det behov for grundigare og meir ressurskrevjande undersøkingar.

¹⁹ Her er ikkje kategoriane heilt samanliknbare, men funnet står seg også om vi slår saman relevante kategoriar i Frivillig Innsatsundersøkinga.

Sosial kapital og frivillig engasjement

På tross av usikkerhet omkring nivå av frivillig arbeid skal vi likevel gå litt vidare med å sjå på samanhengar mellom det å gjere frivillig arbeid og kjenneteikn ved respondentane sine nettverk og deira nivå av mellommenneskeleg tillit. Vi startar fyrst med ein kort diskusjon omkring teori og empiriske funn.

Sosial kapital

Som vi var inne på tidlegare er sivilsamfunn og frivilligliv ein viktig arena for integrasjon og samfunnsdeltaking, blant befolkninga generelt og for innvandrarak spesielt. Frivillige organisasjonar kan fungere som møtestader for menneske med både lik og ulik bakgrunn. I eit deltakardemokratisk perspektiv blir det argumentert for at aktiv deltaking i slike organisasjonar vil vere med å fremje integrasjon, demokratiforståing, sosial og politisk danning, samt å kunne overskride særinteresser (Pateman 1970, Putnam 2000). Her vil likevel *type* organisasjon og nettverk ein deltek i, kunne ha stor betydning for grad av integrasjon, for eksempel om ein deltek mest i organisasjonar beståande av personar med same eller ulik bakgrunn med omsyn til verdier, kultur, språk, etnisitet, religion eller landbakgrunn. I eit demokratiperspektiv vil det ofte vere dei meir generelle og overskridande nettverka og organisasjonane som er mest verdsett for å skulle skape eit godt og heilskapleg samfunnsfellesskap og eit demokratisk samfunn. Likevel, med eit individretta perspektiv ser vi også at meir homogene grupper og organisasjonar kan ha sentrale funksjonar for utvikling av personleg identitet og for sosiale nettverk. Slike grupper kan og fungere som eit fyrste steg på vegen mot integrering, der ein den fyrste tida i eit nytt land søker seg til grupper med same bakgrunn for å kunne etablere seg, som igjen kan gje grunnlag for vidare integrering i storsamfunnet.

Eit mykje brukt omgrep omkring fellesskap, integrering og frivillig deltaking er sosial kapital. I følge Putnam (2000) sin teori om sosial kapital blir det gode samfunn best skapt nedanfrå og opp ved at sosiale nettverk, tillit og sivilt engasjement blir utvikla lokalt gjennom ansikt-til-ansikt kontakt i fritidsbaserte og ikkje-politiske organisasjonar. Frivillige organisasjonar som

inneber direkte interaksjon vil kunne skape samhandling mellom ulike menneske som elles ikkje ville ha møttes, på tvers av ulik kulturell, politisk og verdimeisig ståstad. Sosial kapital blir her forstått som tillit, sosiale nettverk og normer for gjensidighet.

Det er særskild to aspekt ved sosial kapital som har fått mykje merksemd i samband med samfunnsintegrasjon, nemleg samanbindande (bonding) og brubyggande (bridging) sosial kapital. Samanbindande sosial kapital er her forstått som tillit og nettverk mellom menneske som har like kjenneteikn på sentrale variablar, som for eksempel etnisitet, språk, religion eller ideologisk tilhøyrse. Slik samanbindande sosial kapital kan fungere integrerande for individ i avgrensa grupper, og den kan også føre til ein større tillit til menneske meir generelt. Men, viss integrasjonen internt blir for sterk kan det også bli bygd opp barrierar mot dei som står utanfor. I sterkt integrerte grupper kan derfor samanbindande tillit og nettverk internt føre til mistillit til menneske som står utanfor. Gruppa kan då få ein sekterisk eller eksklusiv karakter med sterke band internt og svake eller fråverande band eksternt. Slike grupper har mindre evne til å utvikle mangfaldige, horisontale nettverk som kan skape tillit og toleranse på tvers, og dette vil igjen kunne hindre kollektiv handling mellom ulike menneske og grupper.

På den andre sida vil brubyggande sosial kapital – tillit og nettverk mellom menneske som har ulike kjenneteikn på sentrale variablar – kunne støtte opp under breiare fellesskap og kollektiv handling på tvers av ulike kjenneteikn. Grensene mellom gruppe og omverd vil altså vere avhengig av grad av tilknytning enkeltindivid har til gruppa og andre medlemmer, og grad av lukking mot omgjevnaden (Putnam 2000).

Vi kan også skilje mellom ei generalisert og ei partikulær form for tillit. Partikulær tillit handlar om i kva grad ein stoler på menneske ein kjenner personleg – at ein for eksempel stoler på personar i sin eigen familie. Generalisert tillit handlar om i kva grad ein stoler på andre menneske meir generelt, utan å måtte kjenne dei personleg. Vi kan altså ha tillit til andre menneske, både dei vi kjenner og dei vi ikkje kjenner, og til menneske som har like kjenneteikn (samanbindande) og til menneske som har ulike kjenneteikn (brubyggande) som oss sjølve. Desse fire kategoriane av tillit er ikkje gjensidig utelukkande, og individ og samfunn kan score høgt og lavt på alle, uavhengig av kvarandre.²⁰

Tidligare studiar internasjonalt har synt ein negativ samanheng mellom etnisk segregering og tillit (Delhey og Newton 2005, Wollebæk og Selle 2007). Tidlegare analyser av Levekårsdata har også synt at svært mange i minoritetsgrupper ikkje har ein einaste ven utan minoritetsbakgrunn (Wollebæk og Seegaard 2011, Enjolras et al. 2010). Dette leier til ei

20. For ein grundig gjennomgang av teori og empirisk forskning omkring sosial kapital, sjå Wollebæk og Seegaard: Sosial kapital i Norge (2011).

forventning om at personar som i størst grad er saman med personar som har same kjenneteikn med omsyn til språk, religion, kultur eller landbakgrunn vil ha færre sosiale band til menneske med andre kjenneteikn og mindre grad av tillit til menneske med andre kjenneteikn.

Eit sentralt element i Putnam sin sosial kapital-teori er altså at dei frivillige organisasjonane kan skape overlappande arenaer for aktivitet og for sosiale nettverk der ein kan erfare at andre er til å stole på. Eit sentralt problem med denne teorien om sosial kapital er at organisasjonstilknytning i fleire undersøkingar ikkje ser ut til å utgjere noko empirisk forskjell i tillitsnivå mellom dei som er aktive og dei som er mindre aktive i organisasjonar. Effekten av ansikt-til-ansikt kontakt i frivillige organisasjonar er knapt statistisk målbar på individnivå (Wollebæk et al. 2011). I befolkningsundersøkingar ser ikkje organisasjonstilknytning ut til å ha innverknad, eller berre ein liten innverknad, på sosial kapital (Wollebæk et al. 2007, Wollebæk og Selle 2002, Dekker og van den Broek 1998, Freitag 2003).

I slike undersøkingar ser ein likevel ofte på befolkningar som heilskap, og ikkje på minoritetsbefolkningar spesielt. Ei analyse av data frå Frivillig innsats- undersøkinga i 2009 synte i denne samanheng at frivillig arbeid blant innvandrarakar frå ikkje-vestlege land hadde ein positiv verknad på generalisert tillit (Segaard 2011). Det som synte seg å ha størst innverknad var utdanning og inntekt, der høgare utdanning og inntekt auka sannsynet for eit høgare nivå av generalisert tillit. Dette skal vi også teste i data frå Innvandrarakundersøkinga 2015.

I tillegg, sjølv om tillitsnivået på individnivå generelt ofte syner seg å ikkje blir nemneverdig påverka, kan ein likevel møte andre og ulike typar menneske i frivillige organisasjonar, noko som igjen kan ha positive verknader for fellesskap, kunnskap, informasjon og integrasjon. Vi skal vidare i rapporten undersøkje i kva grad vi kan finne ein samanheng mellom frivillig arbeid og sosial kapital forstått som tillit og sosiale nettverk i Innvandrarakundersøkinga.

Tillit, nettverk og frivillig arbeid

Nettverksamansetting

I Innvandrarakundersøkinga spurte vi informantane om i kva grad ulike grupper menneske er ein viktig del av eige sosialt nettverk. Som vi ser av tabell 19 under, er det familie og slekt som flest meiner er viktige delar av det sosiale nettverket (96 prosent). Deretter kjem noverande kollegaer eller medstudentar (87 prosent) og venner frå der ein vaks opp (67 prosent). 60 prosent oppfattar naboar og personar frå nærmiljøet som viktige i det sosiale nettverket. Her finn vi også signifikante forskjellar mellom innvandrarakar og barn av innvandrarakar der barn av innvandrarakar i mindre grad ser naboar og personar

frå nærmiljø som viktige delar av eige sosialt nettverk. Dette kan ha med at mange unge menneske etter kvart flyttar heimanfrå for å studere og at ein ikkje nødvendigvis vil bli så integrert i nabolaget der ein bur, sidan bustadsituasjonen ofte er mindre geografisk stabil enn for andre grupper. Vi ser også ein signifikant samanheng mellom å vere barn av innvandrarar og å ha tidligare kollegaer og medstudentar som viktige i eige sosialt nettverk. Dette kan vi også tolke i samanheng med studenttilveret til mange unge menneske. Her sjekka vi også for forskjellar basert på verdsregion og fann signifikante forskjellar der det er flest blant personar med bakgrunn frå Afrika (75 prosent) som ser naboar og personar frå nærmiljø der ein bur no som viktige i det sosiale nettverket, mens prosentdelen er lågare for asiatar (62 prosent) og aust-europearar (57 prosent). Ein annan signifikant forskjell basert på verdsregion er å ha personar frå trussamfunn som viktige delar av det sosiale nettverket. Her er det markant fleire frå Afrika (53 prosent) som meiner dette, samanlikna med personar frå Asia (39 prosent) og Aust-Europa (25 prosent).

Tabell 19: Kven som er viktig del av sosiale nettverk. Blant innvandrarar og barn av innvandrarar. Prosent.

Viktig del av sosialt nettverk	Utvalet totalt	Innvandrarar	Barn av innvandrarar
Familie og slekt	96	96	96
Noverande kollegaer/medstudentar	87	86	87
Venner frå der du vaks opp	67	66	71
Tidlegare kollegaer/medstudentar*	66	64	71
Naboar og nærmiljø der du bur no ***	60	67	45
Frå frivillige organisasjonar du er med i no	35	35	33
Frå trussamfunn	34	34	28
Andre	31	31	32
Frå frivillige organisasjonar du var med i tidligare	26	27	23
Maks N total (Ikkje vekta)	481	296	171

Signifikansnivå: Sig (χ^2) * $\leq 0,05$, ** $\leq 0,01$, *** $\leq 0,001$

Prosenttala er vekta.

Kjelde: *Innvandrarundersøkinga 2015*

Basert på desse 9 kategoriane av typar menneske ein kan ha i sin omgangskrets kan vi lage ein skala for nettverksmangfald, der vi kan måle i kva grad ein har eit sosialt nettverk bestående av ein kategori menneske, eller om ein har eit nettverk bestående fleire ulike typar kategoriar. Dette kan sjåast

som eit grovt mål på grad av brubyggande og samanbindande sosial kapital. Gjennomsnittet på denne skalaen ligg på 4 kategoriar av menneske som er viktige i eige sosialt nettverk.

Om vi ser denne skalaen i samanheng med frivillig arbeid så finn vi ein korrelasjon mellom å ha gjort frivillig arbeid og å ha eit mangfaldig sosialt nettverk (signifikant korrelasjonskoeffisient 0.279). Om vi vidare bryt ned skalaen til tre kategoriar; å ha 0-3 kategoriar menneske i sitt sosiale nettverk (avgrensa), å ha 4-6 kategoriar menneske i sitt nettverk (middels mangfald), og å ha 7-9 kategoriar menneske i sitt nettverk (mangfaldig), så ser vi ein klar forskjell i nivå på frivillig arbeid. Her har fleire av dei frivillige eit mangfaldig nettverk enn dei som ikkje er frivillige. Desse forskjellane er også signifikante (0,1 prosent nivå).

Tabell 20: Frivillig arbeid og nettverksmangfald. Prosent.

	0-3 typar	4-6 typar	7-9 typar	Tot %
Frivillig arbeid	47	68	83	67
N (Ikkje vekta)	23	106	44	173
N total (Ikkje vekta)	49	157	53	259

Sig: ***

Signifikansnivå: * $\leq 0,05$, ** $\leq 0,01$, *** $\leq 0,001$. Prosenttala er vekta

Kjelde: *Innvandrarundersøkinga 2015*

Frivillig arbeid, tillit og nettverksmangfald

Som vi var inne på over er tillit også ein viktig komponent i teorien om sosial kapital, og er hevda å vere både ein føresetnad for og eit resultat av engasjement i frivillige organisasjonar (Putnam 1993, Putnam 2000, Lin 2004). I følge slik teori skulle ein derfor kunne forvente at nivået av mellommenneskeleg tillit vil vere høgare blant frivillige versus dei som ikkje er frivillige. I Innvandrarundersøkinga spurte vi respondentane om generell mellommenneskeleg tillit (vi spurte ikkje om partikulær tillit). Ein vanleg måte å måle generell mellommenneskeleg tillit på i spørjeundersøkingar er å spørje:

På en skala fra 0-10 der 0 betyr at man ikke kan være forsiktig nok og 10 betyr at de fleste mennesker er til å stole på. Mener du at en ikke kan være forsiktige nok når man har med andre å gjøre, eller mener du at de fleste mennesker i sin alminnelighet er til å stole på?

I Innvandrarundersøkinga finn vi at dei som er frivillige i gjennomsnitt scorar høgare på tillitsskalaen enn dei som ikkje er frivillige, 7,1 versus 6,1. Ei korrelasjonsanalyse syner også ein sterk signifikant samanheng mellom frivillig arbeid og tillit. I kontrast til dette finn vi ingen slik forskjell i Levekårsundersøkinga, og her er nivået på 6,3 med eit identisk spørsmål. Dette tyder igjen på at vi har å gjere med to ulike typar utval i dei to undersøkingane.

Tabell 21: Tillit og deltaking i frivillig arbeid. Gjennomsnitt på tillitsskala (0-10)

Tillit. Gjennomsnitt skala 1-10	Innvandrarundersøking	Levekårsundersøking
Frivillig - Ja	7,1	6,3
Frivillig - Nei	6,1	6,3
N total (ikkje vekta)	6,8	6,3

Tala er vekta

Kjelde: Innvandrarundersøkinga 2015 og Levekårsundersøkinga 2014

Vi kan vidare undersøke om samanhengen mellom sosial kapital (tillit og nettverk) og frivillig arbeid står seg når vi kontrollerer for innverknaden av bakgrunnskjenneteikn. Tidligare studiar peikar her på at ein høgare sosioøkonomisk status aukar sannsyn for deltaking i frivilliglivet og dermed potensielt tilgangen til sosial kapital (Enjolras et al. 2010, Handy og Greenspan 2009, Kumlin og Rothstein 2010). Som vi ser av tabell 22 under, har vi gjennomført ei regresjonsanalyse av innverknaden av frivillig arbeid på mellommenneskeleg tillit i Innvandrarundersøkinga. Her finn vi ein positiv signifikant verknad (på 0,05 nivå) av å gjere frivillig arbeid på grad av mellommenneskeleg tillit. I tillegg har helse ein signifikant positiv effekt på grad av mellom menneskeleg tillit. Dei andre bakgrunnsvariablane har ingen signifikante effektar.

Tabell 22: Samanhengen mellom frivillig arbeid, mellommenneskelig tillit og nettverksmangfald. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.

	Tillit	Nettverk
Variabel	Koeffisient	Koeffisient
Konstantledd	3.97	4.73
Frivillig arbeid	0.57*	0.87***
Utanlandsfødd	0.45	0.23
Verdsregion	0.06	-0.11
Kjønn	0.20	0.06
Alder	0.03	0.01
Inntekt (husstand)	0.00	0.00
Utdanning	0.27	-0.17
Gift/sambuar	0.88	0.08
I arbeid	-0.35	-0.25
Har barn heime	0.22	0.24
Helse	0.87*	0.16
Observasjonar	396	356
R ²	0.08	0.09

*** p<0.001, ** p<0.01, * p<0.05

Kjelde: *Innvandrarundersøkinga 2015*

Om vi så undersøker samanhengen mellom frivillig arbeid og nettverksmangfald så syner analyser ein signifikant korrelasjon og ein signifikant positiv samanheng mellom frivillig arbeid og kor mange ulike typar menneske ein ser som viktige i eige sosialt nettverk (på 0,001 nivå). For dei andre bakgrunnsvariablane fann vi ingen signifikante effektar.²¹

Engasjement i innvandrar- og religiøse organisasjonar, og samanheng med tillit og nettverk

Vi har til no sett at generelt frivillig arbeid har ein positiv samanheng med nivå av mellommenneskeleg tillit og med nettverksmangfald blant respondentane i utvalet vårt. Vidare kan vi så spørje om desse samanhengane

21. Det vart også gjennomført analyser der butid vart inkludert som bakgrunnsvariabel, men sidan færre hadde svart på dette spørsmålet vart datagrunnlaget mindre. Variabelen for butid vart derfor ekskludert i den endelege analysen. Når den vart inkludert hadde lengd på butid ein signifikant positiv effekt på nettverksdiversitet.

også vil gjelde for frivillig arbeid som er gjort i innvandrar- og/eller religiøse organisasjonar. Har denne forma for frivillig arbeid samanheng med tillit og nettverksmangfald?

Ei korrelasjonsanalyse (ikkje vist) tyder på ein signifikant samanheng mellom frivillig arbeid for religiøse organisasjonar og generalisert tillit, men ikkje for frivillig arbeid i ein innvandrarorganisasjon. I vidare regresjonsanalyser av frivillig arbeid i slike organisasjonar, med kontrollar for bakgrunnsvariablar, finn vi ingen signifikant samanheng mellom frivillig arbeid i innvandrar- eller religiøse organisasjonar og tillit (sjå tabell 23 nedanfor).

Tabell 23: Samanhengen mellom frivillig arbeid i innvandrar-/religiøs organisasjon og mellommenneskelig tillit. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.

Variabel	Frivillig arbeid i innvandrar-organisasjon	Frivillig arbeid i religiøs organisasjon
	Koeffisient	Koeffisient
Konstantledd	4.27	4.27
Frivillig arbeid	0.73	0.73
Utanlandsfødd	0.82	0.82
Verdsregion	0.19	0.19
Butid	-0.03	-0.03
Kjønn	0.66	0.66
Alder	0.05	0.05
Inntekt (husstand)	-0.00	-0.00
Utdanning	-0.10	-0.10
Gift/sambuar	0.32	0.32
I arbeid	-0.62	-0.62
Har barn heime	0.27	0.27
Helse	2.14**	2.14**
Observasjonar	144	144
R ²	0.13	0.13

*** p<0.001, ** p<0.01, * p<0.05

Kjelde: Innvandrarundersøkinga 2015

Vi har no sett på verknad av frivillig arbeid i innvandrar- og religiøse organisasjonar på tillit. Til slutt skal vi no sjå på i kva grad *deltaking* i aktivitetar i innvandrar- og religiøse organisasjonar har innverknad på tillit og nettverksmangfald. Vi fann ingen signifikant samanheng mellom denne deltakinga og tillit, men vi fann ein signifikant samanheng mellom slik deltaking og nettverksmangfald. Denne samanhengen står seg også i ei regresjonsanalyse, som vist i tabell 24 under. Dei andre kontrollvariablane hadde ingen signifikant innverknad.

For nettverksmangfald fann vi derimot signifikante korrelasjonar (ikkje vist) for frivillig arbeid i begge typar organisasjonar. Som vist i tabell 24, står denne samanhengen seg også når vi også kontrollerer for effekten av andre bakgrunnsvariablar. Frivillig arbeid i innvandrar- og religiøse organisasjonar ser her ut til å ha ein positiv samanheng med nettverksmangfald.

Tabell 24: Samanhengen mellom deltaking i aktivitetar i innvandrar-/religiøs organisasjon og nettverksmangfald. Multivariat regresjonsanalyse (OLS). Ustandardiserte koeffisientar.

Variabel	Koeffisient
Konstantledd	3.76
Deltaking i innv./rel.org	1.17***
Utanlandsfødd	0.21
Verdsregion	-0.08
Kjønn	0.02
Alder	0.01
Inntekt (husstand)	0.00
Utdanning	0.01
Gift/sambuar	-0.10
I arbeid	-0.09
Har barn heime	-0.28
Helse	-0.07
Observasjonar	356
R ²	0.13

*** p<0.001, ** p<0.01, * p<0.05

Kjelde: Innvandrundersøkinga 2015

Heilt til slutt er det viktig å minne om at desse regresjonsanalysane som er gjort her ikkje seier noko om årsaksretning, altså om frivillig arbeid fører til meir generalisert tillit eller meir mangfaldige nettverk, eller om tillit og mangfaldige nettverk er ein førestenad for å engasjere seg frivillig. Analysane seier berre noko om sannsynet for endring av verdi på ein variabel, for eksempel tillit, ved endring av verdi på ein annan variabel, som for eksempel frivillig arbeid.

Samandrag og avsluttande kommentarar

Utgangspunktet for denne rapporten har vore å undersøkje innvandrarar og barn av innvandrarar med bakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa si deltaking i norsk frivilligliv. Å få gode data omkring innvandrarar og barn av innvandrarar si deltaking i norsk frivilligliv har synt seg å vere vanskeleg, spesielt å få kunnskap om dei som er vanskelegast å få tak og som vi kanskje treng mest kunnskap om; personar med innvandrarbakgrunn som i mindre grad er frivillig- og samfunnsengasjerte, som har kortare butid og låg sosioøkonomisk status. Personar med innvandrarbakgrunn som svarer på spørjeundersøkingar er ofte godt integrerte og har gjerne ein relativt høg sosioøkonomisk status. I spørjeundersøkingar omkring frivillig arbeid er det også gjerne dei som har tilknytning til norsk frivilligliv som i større grad svarer på slike undersøkingar. Av denne grunn kan vi lett få skeive utval av innvandrarbefolkninga i slike undersøkingar, der vi ikkje får tilgang til kunnskap om innvandrarar som i mindre grad er engasjerte i og som står utanfor sivilsamfunnet, og om potensielle barrierar og eventuelle tilretteleggande faktorar for meir deltaking.

I gjennomføringa av Innvandrarundersøkinga 2015, som ligg til grunn for denne rapporten, støtte vi raskt på kjende utfordringar med å få svar frå respondentar. Svarprosenten vart svært låg og fordelingane i utvalet tyder på at vi har å gjere med det vi kan kalle eit ungt «eliteutval» av innvandrarbefolkninga, at det er ein overvekt av unge, av personar med lang butid og av høgt utdanna. Dette gjer at vi må ta sterke atterhald når det gjeld generaliseringspotensialet for resultatane i denne undersøkinga, særskild med tanke på nivå av frivillig arbeid og medlemskap blant innvandrarbefolkninga generelt i Noreg. Samanlikning med andre liknande datakjelder som syner ulike resultat underbyggjer også dette atterhaldet.

Analysane av datamaterialet i Innvandrarundersøkinga syner at nivået av frivillig arbeid i dette «eliteutvalet» av personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa er på nivå med det vi finn i befolkninga elles i Noreg. I Levekårsundersøkinga 2014 låg derimot nivået av frivillig arbeid blant personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa på 15 prosent – 46 prosentpoeng lågare enn i Innvandrarundersøkinga.

Levekårsundersøkinga hadde her eit filterspørsmål som kan ha redusert respondentar si evne til å hugse frivillig arbeid dei har gjort for spesifikke organisasjonar. Likevel er det lite truleg at filterproblematikken kan forklare heile denne forskjellen. Dette stadfestar igjen at vi har å gjere med to ulike typar utval av innvandrarar og ulike undersøkingsdesign. Vi sit derfor att med ubesvarte spørsmål om kor mykje av forskjellane mellom undersøkingane som skuldast skeivhet i utval og kor mykje som skuldast ulike undersøkingsdesign. På dette grunnlaget er det derfor svært vanskeleg å skulle konkludere noko om nivået av frivillig arbeid og medlemskap blant innvandrarar og barn av innvandrarar generelt i Noreg, men at resultatata kanskje gjeld mest for dei godt integrerte, høgt utdanna og unge blant innvandrarar og barn av innvandrarar i Noreg.

Analysar av datamaterialet synte vidare ein signifikant samanheng mellom frivillig arbeid generelt og sosial kapital (tillit og nettverksmangfald), og ein samanheng mellom nettverksmangfald og deltaking i innvandrar- og religiøse organisasjonar. Analysane seier likevel ikkje noko om retning på samanheng – om kva som påverkar kva. Her kan nettverksmangfald både vere ein føresetnad for og eit resultat av frivillig arbeid for organisasjonar.

For å kunne konkludere meir sikkert og på eit meir generelt grunnlag omkring personar med innvandrarbakgrunn si deltaking i norsk frivilligliv er det behov for grundigare og meir ressurskrevjande undersøkingar som gjev betre svarprosent og har eit meir representativt utval. Eit alternativ er å gjennomføre eigne slike undersøkingar som har eit større ressursgrunnlag. Eit anna alternativ er kjøp av undersøkingstid i SSB si Levekårsundersøking, der temaet kvart tredje år handlar om friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosiale nettverk. Her kan ein eventuelt få inn spørsmål om frivillig arbeid som er formulert på same måte og har liknande definisjonar som i tilsvarande undersøkingar i Noreg og internasjonalt. Dette vil truleg kunne gje eit betre samanlikningsgrunnlag og eit betre kunnskapsgrunnlag omkring innvandrarar og barn av innvandrarar si deltaking i Norsk frivilligliv generelt. For å kunne utbetre spørjeskjema, spørsmål og svaralternativ vil det vere nyttig å gjennomføre fleire kvalitative studiar av innvandrarar sitt frivillige engasjement, både i og utanfor frivillige organisasjonar. At mange av respondentane kryssa av for kategorien «andre» på fleire spørsmål tyder på eit behov for slike utbetringar.

Det trengs også meir forskning omkring verknaden av ulike metodar, spørsmålsformuleringar og utvalstypar for nivået av deltaking i frivilliglivet, både generelt og for innvandrarbefolkninga spesielt. Forskarar ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har tatt initiativ til nærare undersøkingar omkring slike tema.

Appendiks

Tabell 25: Sannsyn for frivillig arbeid og medlemskap basert på bakgrunnskjennetegn. Logistisk regresjonsanalyse. Utstandardiserte koeffisientar. Innvandrundersøkinga.

	Frivillig arbeid	Medlemskap
Variablar	Koeffisient	Koeffisient
Konstantledd	0.31	0.43
Utanlandsfodd	-0.37	0.19
Verdsregion	-0.03	0.14
Kjønn	0.15	0.20
Alder	0.02	0.02
Inntekt (husstand)	0.00	-0.00**
Utdanning	-0.14	0.07
Gift/Sambuar	0.42	0.61
I arbeid	-0.00	-0.47
Barn heime	0.45	0.22*
Helse	0.60	0.73*
Observasjonar	399	400

*** p<0.001, ** p<0.01, * p<0.05

Kjelde: Innvandrundersøkinga 2015

Tabell 26: Sannsyn for frivillig arbeid og medlemskap etter bakgrunnskjenne-teikn. Logistisk regresjonsanalyse. Utandardiserte koeffisientar. Levekårsundersøkinga.

	Frivillig arbeid	Medlemskap
Variablar	Koeffisient	Koeffisient
Konstantledd	-4.49*	-2.91*
Utanlandsfødd	2.21**	0.58
Verdsregion	-0.31	-0.21
Butid	0.02	0.07
Kjønn	0.00	0.39
Alder	0.74	0.51
Gift	-0.70	0.01
I arbeid	0.42	1.36*
Helse	0.45	0.44
Observasjonar	164	139

*** $p < 0.001$, ** $p < 0.01$, * $p < 0.05$

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2014

Referansar

- Abraham, K.G, Helms, S. og Presser, S (2009). «How social processes distort measurement: The impact of survey nonresponse on estimates of volunteer work in the United States». *American Journal of Sociology*, 114 (4): 1129-1165.
- Bjørklund, T og Bergh, J (2013). *Minoritetsbefolkningens møte med det politiske Norge. Partivalg, valgdeltakelse, representasjon*. Oslo: Cappelen Damm.
- Blom, S (1998): *Levekår blant ikke-vestlige innvandrere i Norge*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå.
- Blom, S. og Henriksen, K (2008): *Levekår blant innvandrere i Norge 2005/2006*. Statistisk Sentralbyrå.
- Christensen, D.A., Strømsnes K., og Wollebæk, D (2011). *Organisasjonene i Hordaland 1999-2009*. Rapport 3/2011. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Cnaan, R.A, Jones, K.H., Dickin, A. og Salomon, M (2011): «Estimating giving and volunteering: New ways to measure the phenomena». *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 40 (3): 497-525.
- Dekker, P. og van den Broek, A (1998). «Civil society in comparative perspective: Involvement in voluntary associations in North America and Western Europe». *Voluntas*, 9 (1): 11-38.
- Delhey, J. og Newton, K (2005): «Predicting cross-national levels of social trust: Global patterns or Nordic exceptionalism? ». *European Sociological Review*, 21 (4): 211-328.
- Eimhjellen, I. og Segård, S.B (2010). *Etniske minoriteter og frivillige organisasjoner*. Rapport 8/2010. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Enjolras, B. og Wollebæk, D (2010). *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Rapport 2/2010. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Folkestad, B. Christensen, D.A., Strømsnes, K. og Selle, P (2015). *Frivillig innsats i Noreg 1998-2014*. Rapport 4/2015. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Freitag, M (2003). «Social capital in (dis)similar societies. The development of generalised trust in Japan and Switzerland». *Comparative political studies*, 36 (8): 936-966.

- Friberg, J.H (2013): *The polish worker in Norway. Emerging patterns of migration, employment and incorporation after EU's eastern enlargement* (Doktoravhandling). Fafo-rapport 2013:6. Oslo: Fafo.
- Handy, F og Grennspan, I (2009). «Immigrant volunteering. A stepping stone to integration». *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 38 (6): 956-982.
- Hellevik, O (2015a). «Extreme nonresponse and response bias. A “worst case” analysis». *Quality and Quantity*, Online first.
- Hellevik, O (2015b). «Hva betyr respondentbortfallet i intervjuundersøkelser?». *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 56 (2): 211-231.
- Kim, Y og Amnå, E (2015). «Civic engagement among migrant youths in Sweden: do parental norms or immigration generation matter?» I: Barrett, M og B Zani (red.). *Political and Civic Engagement. Multidisciplinary perspectives*. New York: Routledge.
- Kumlin, S og Rothstein, B (2010). «Questioning the New Liberal Dilemma: Immigrants, Social Networks and Institutional Fairness». *Comparative Politics*, 43 (63-80).
- Lin, N (2004). *Social Capital. The Encyclopedia of Economic Sociology*. London: Routledge.
- Pateman, C (1970). *Participation and Democratic Theory*. New York: Cambridge University Press.
- PEW, Research Center (2012). *Assessing the representativeness of public opinion surveys*. <http://www.people-press.org/2012/05/15/assessing-the-representativeness-of-public-opinion-surveys/>. 2015].
- Predelli, L. N (2006). *Innvandrerorganisasjoner i Norge: utforming, aktiviteter og politisk deltakelse*. NIBR-rapport 2006:14. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Putnam, R.D (1993). *Making Democracy Work: Civic Traditions in Modern Italy*. Princeton, NJ: Princeton University Press.
- Putnam, R.D (2000). *Bowling Alone. The collapse and revival of American community*. New York: Simon & Schuster Paperbacks.
- Rogstad, J. (2007). *Demokratisk fellesskap. Politisk inkludering og etnisk mobilisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Segaard, S.B (2011). «Sosial kapital og organisasjonstilknytning blant etniske minoriteter» I: Wollebæk, Dag og Signe Seegaard (red.). *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm.
- Smith, D.H (1993). «Public benefit and member benefit nonprofit, voluntary groups». *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 22 (1): 53-68.
- Svedberg, L., Jegermalm, M. og Von Essen, J (2010). *Svenskarnas engagemang större än någonsin*. Stockholm: Ersta Sköndal Högskola.
- Takle, M (2014). *Politisk integrering. Innvandrorganisasjoner som skoler i demokrati og byråkrati*. Oslo: Cappelen Damm.
- Tocqueville, A, (1969). *Om demokratiet i Amerika*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Wollebæk, D. og Seegaard, S.B (red.) (2011): *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm.
- Wollebæk, D og Selle, P (2002). *Det nye organisasjonssamfunnet. Demokrati i omforming*. Bergen: Fagbokforlaget.

-
- Wollebæk, D og Selle, P (2007). «The Origins of Social Capital. Socialisation and Institutionalisation Approaches Compared». *Journal of Civil Society*, 3 (1): 1-14.
- Wollebæk, D. og Sivesind, K.H (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi?* Rapport 3/2010. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ødegård, G., Steen-Johnsen, K., Loga, J. og Ravneberg, B (2014). *Fellesskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Abstrakt forlag.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Samandrag/Abstract

<i>Forfatter/Author</i> Ivar Eimhjellen
<i>Tittel/Title</i> Innvandrere si deltaking i norsk frivilligliv. Nye tal og metodiske utfordringar
<i>Samandrag</i> Å få gode data omkring innvandrere og barn av innvandrere si deltaking i norsk frivilligliv har synt seg å vere vanskeleg. Dette har også vore tilfelle i undersøkinga som ligg bak denne rapporten. Fordelingane i utvalet tyder på at vi har å gjere med det vi kan kalle eit ungt «eliteutval» av innvandrerbefolkninga – at det er ein overvekt av unge og høgt utdanna personar med lang butid i Noreg. Analysane syner at nivået av frivillig arbeid i dette «eliteutvalet» av personar med innvandrerbakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa er på nivå med det vi finn i befolkninga elles i Noreg. Men ifølgje ei liknande undersøking gjennomført av SSB er nivået mykje lågare. Når det gjeld typar organisasjonar dette utvalet gjer frivillig arbeid for, så liknar det også noko på majoritetsbefolkninga, men skil seg også ut på nokre kategoriar, der mellom anna sosiale og humanitære organisasjonar, religiøse organisasjonar og politiske parti er meir populære. Analysane syner vidare ein samanheng mellom frivillig arbeid generelt og sosial kapital (tillit og mangfald i sosial nettverk) og mellom deltaking innvandrer/religiøse organisasjonar og mangfald i sosiale nettverk. For å kunne konkludere meir sikkert og på eit meir generelt grunnlag omkring personar med innvandrerbakgrunn si deltaking i norsk frivilligliv, er det behov for grundigare og meir ressurskrevjande undersøkingar som gjev betre svarprosent og har eit meir representativt utval.
<i>Emneord</i> Innvandrere, frivilligliv, deltaking, sosial kapital, metodeutfordringar
<i>Summary</i> Getting good data on immigrants and children of immigrants, and their participation in the Norwegian voluntary sector has proven to be difficult, also in this research project. The sample seems to consist of an "elite" in the immigrant population – they are young, have lived long in Norway, and are highly educated. The analyses show that the level of voluntary work among this "elite" with a background from Africa, Asia and Eastern-Europe is on the same level as the general population in Norway. But according to a similar survey by Statistics Norway, the level is much lower. Concerning types of organizations one does voluntary work for the sample in this survey is also similar to the majority, but separates on some organizational categories; social and humanitarian organizations, religious organizations, and political parties, which are more popular than in the general population. Analyses also showed a connection between general voluntary work and social capital (trust and diversity in social network) and between participation in immigrant/religious organizations with diversity in social network. However, to come to more general and trustworthy conclusions on the voluntary participation of people with an immigrant background in Norway, there is a need for more thorough and more costly surveys that has better response rates and a more representative sample.
<i>Index terms</i> Immigrants, voluntary work, social capital, methodological challenges

Å få gode data omkring innvandrarak og barn av innvandrarak si deltaking i norsk frivilligliv har synt seg å vere vanskeleg. Dette har også vore tilfelle i undersøkinga som ligg bak denne rapporten. Fordelingane i utvalet tyder på at vi har å gjere med det vi kan kalle eit ungt «eliteutval» av innvandrarakbefolkninga – at det er ein overvekt av unge og høgt utdanna personar med lang butid i Noreg.

Analysane syner at nivået av frivillig arbeid i dette «eliteutvalet» av personar med innvandrarakbakgrunn frå Afrika, Asia og Aust-Europa er på nivå med det vi finn i befolkninga elles i Noreg. Men ifølge ei liknande undersøking gjennomført av SSB er nivået mykje lågare. Når det gjeld typar organisasjonar dette utvalet gjer frivillig arbeid for, så liknar det også noko på majoritetsbefolkninga, men skil seg også ut på nokre kategoriar, der mellom anna sosiale og humanitære organisasjonar, religiøse organisasjonar og politiske parti er meir populære. Analysane syner vidare ein samanheng mellom frivillig arbeid generelt og sosial kapital (tillit og mangfald i sosial nettverk) og mellom deltaking innvandrarak-/religiøse organisasjonar og mangfald i sosiale nettverk.

For å kunne konkludere meir sikkert og på eit meir generelt grunnlag omkring personar med innvandrarakbakgrunn si deltaking i norsk frivilligliv, er det behov for grundigare og meir ressurskrevjande undersøkingar som gjev betre svarprosent og har eit meir representativt utval.

ISBN (Online): 978-82-7763-505-7
ISSN (Online): 1891-2176

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o ISF
Munthes gate 31
Pb. 3233 Elisenberg
0208 Oslo

www.sivilsamfunn.no